


Utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova.

*Ei analyse av dagens moglegheit til å utveksle
personopplysingar, og ei drøfting av om denne
moglegheita kan og bør utvidast.*

Kandidatnummer: 123.

Tal ord: 14 868.

Dato: 10.05.2023.



JUS399 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

Innholdsliste

Innholdsliste.....	1
1 Innleiing	2
1.1 Problemstilling og tema.....	2
1.1.1 Problemstilling.....	2
1.1.2 Aktualitet	2
1.1.3 Bakgrunn og kontekst.....	4
1.2 Rettskjeldebilete og metode	7
1.3 Framstillinga vidare.....	10
2 Kryssande omsyn og overordna rettsnormer	11
2.1 Innleiing.....	11
2.2 Omsynet til privatliv og personopplysingsvern.....	11
2.2.1 Personopplysingsvern.....	11
2.2.2 Personopplysingsvern som menneskerett.....	13
2.2.3 Vernet etter personopplysingslova og GDPR.....	14
2.3 Omsynet til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering.....	15
3 Omgrepet «utveksling».....	18
4 Dagens moglegheit til å utveksle opplysingar mellom rapporteringspliktige	19
4.1 Innleiing.....	19
4.2 Avsløringsforbodet som eit utgangspunkt.....	19
4.3 Utveksling i samband med kundetiltak utført av tredjepart	20
4.4 Utveksling innanfor eit konsern	21
4.4.1 Delingsmoglegheit etter § 31 første ledd.....	21
4.4.2 Delingsplikt etter § 31 andre ledd.....	24
4.5 Utveksling utanfor konsern etter § 31 tredje ledd	25
5 Kan moglegheita til å utveksle opplysingar utvidast?	30
5.1 Innleiing.....	30
5.2 Grenser for utveksling av personopplysingar.....	30
5.3 Vurdering av § 31 tredje ledd opp mot grensene for deling av personopplysingar	34
6 Bør moglegheita til å utveksle opplysingar utvidast?	36
6.1 Innleiing.....	36
6.2 Samarbeidsordningar i Danmark og Sverige.....	37
6.2.1 Deling gjennom operative samarbeid i Danmark	37
6.2.2 Nyutvikla samarbeid for utveksling av opplysingar i Sverige.....	39
6.3 Kva vil vere forholdsmessig?.....	40
Kjeldeliste.....	46

1 Innleiing

1.1 Problemstilling og tema

1.1.1 Problemstilling

Denne masteroppgåva vil handle om moglegheita til å utveksle personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova.¹ Innanfor dette temaet skal eg sjå nærare på to problemstillingar. Den første er i kva grad dagens regelverk opnar for at rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova kan utveksle personopplysingar med kvarandre. Den andre problemstillinga er om denne moglegheita til å utveksle personopplysingar kan og bør utvidast.

1.1.2 Aktualitet

Kvitvasking og terrorfinansiering er alvorlege samfunnsproblem som står høgt på agendaen både nasjonalt og internasjonalt. Dette viser seg blant anna gjennom dei strenge pliktene som vert pålagt rapporteringspliktige etter fjerde og femte kvitvaskingsdirektiv og kvitvaskingslova.² Det er også tale om eit rettsområde prega av kompleksitet, og med store behov for avklaringar. Berre i 2022 publiserte Finanstilsynet som tilsynsmynde 49 tilsynsrapportar der nedkjemping av kvitvasking var tema, vi fekk ei oppdatert kvitvaskingsforskrift og Finanstilsynet kom med ny rettleiing til etterleving av kvitvaskingsregelverket.³

Økokrim la til grunn i si nasjonale risikovurdering for kvitvasking og terrorfinansiering frå 2022 at digitalisering, internasjonalisering og teknologisk utvikling særleg har auka

¹ Lov 1. juni 2018 nr. 23 om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingslova).

² Europaparlamentets- og Rådets direktiv 2015/849 av 20. mai 2015 om forebygging av bruk av det finansielle systemet med formål om hvitvasking eller terrorfinansiering (fjerde kvitvaskingsdirektiv); Europaparlamentets- og Rådets direktiv 2018/843 av 30. mai 2018 om endring av direktiv 2015/849 om tiltak for å hindre at finanssystemet brukes til hvitvasking av penger eller finansiering av terrorisme og om endring av direktiv 2009/138/EF og 2013/36/EU (femte kvitvaskingsdirektiv).

³ PwC, «Årlig rapport 2022», 2022, https://premium-api.services.pwc.no/media/Arilig_rapport_2022_Antihvitvask_Terrorfinansiering_og_Sanksjoner_a06031f159.pdf (lest: 1. mars 2023).

handlingsrommet til kriminelle aktører.⁴ Denne utviklinga gjer det også vanskelegare å oppdage og nedkjempe økonomisk kriminalitet.⁵ Med eit lite tastetrykk kan ein i dag overføre pengar på tvers av landegrensene når ein måtte ønske det, og det kjem stadig nye digitale betalingsløysingar på marknaden.⁶ Slike verkemiddel som gjer kvardagen til forbrukaren enklare, kan også vere grobotn for økonomisk kriminalitet. Vidare legg også framveksten av kryptovaluta, anonymiseringstenester og kryptering til rette for kvitvasking og terrorfinansiering.⁷

Den pågåande kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering grip på same tid inn i personopplysingsvernet til einskildmennesket.⁸ I dette spenningsfeltet må ein gjere skjønsmessige vurderingar. Sidan vurderinga av kva tiltak som skal setjast i verk innanfor lova sine rammer er opp til den rapporteringspliktige sjølv, er det ein føresetnad at denne har forståing og kunnskap om samspelet mellom personopplysingsvernet og kvitvaskingsreglane. Dette gjeld særleg då ein typisk er redd for å trå feil i begge retningar, og for konsekvensane det vil medføre.⁹

Manglande oppfyljing av regelverka kan nemleg føre med seg store bøter, og i somme høve krenke kundane sine rettar og skade omdømme deira. I 2021 vedtok til dømes Finanstilsynet å gi DNB Bank ASA eit gebyr på 400 millionar kroner for brot på kvitvaskingslova, medan Datatilsynet gav dating-appen Grindr eit gebyr på 65 millionar kroner for brot på samtykkekrava i General Data Protection Regulation (GDPR).¹⁰

⁴ Økokrim, «Nasjonal risikovurdering: Hvitvasking og terrorfinansiering 2022», 17. november 2022, <https://www.okokrim.no/nasjonal-risikovurdering-2022.6567231-549350.html> (lest: 10. januar 2023), s. 4.

⁵ Europol, «From suspicion to action», 2017, https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/ql-01-17-932-en-c_pf_final.pdf (lest: 10. mars 2023), s. 4.

⁶ Politiet, «Politiets trusselvurdering 2023», 2023, <https://www.politiet.no/om-politiet/tall-og-fakta/politiets-trusselvurdering/> (lest: 4. april 2023), s. 11.

⁷ Politiet (2023), s. 11.

⁸ Sjå kapittel 2.

⁹ The Financial Action Task Force (FATF), *FATF GUIDANCE - Private Sector Information Sharing*, november 2017. Henta frå: <https://www.fatf-gafi.org/en/publications/Fatfgeneral/Guidance-information-sharing.html>, s. 5.

¹⁰ Finanstilsynet, «Tilsynsrapport DNB Bank ASA», 3. mai 2021. Henta frå: <https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/tilsynsrapporter/2021/tilsynsrapport---dnb-bank-asa3/>; Datatilsynet, «Endelig vedtak om overtredelsesgebyr til NAV», 27. juni 2022. Henta frå: [https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/lover-og-regler/avgjorelser-fra-datatilsynet/2022/endelig-vedtak-om-overtredelsesgebyr-til-nav/#:~:text=Datatilsynet%20har%20vedtatt%20å%20illegge,no%20uten%20hjemmel%20i%20lov;Europaparlamentets og Rådets forordning 2016/679 av 27. april 2016 om beskyttelse av fysiske personer med hensyn til behandling av personlig data og om den frie bevegelsen av slik data, og med endring av Direktiv 95/46/EC \(General Data Protection Regulation, GDPR\).](https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/lover-og-regler/avgjorelser-fra-datatilsynet/2022/endelig-vedtak-om-overtredelsesgebyr-til-nav/#:~:text=Datatilsynet%20har%20vedtatt%20å%20illegge,no%20uten%20hjemmel%20i%20lov;Europaparlamentets og Rådets forordning 2016/679 av 27. april 2016 om beskyttelse av fysiske personer med hensyn til behandling av personlig data og om den frie bevegelsen av slik data, og med endring av Direktiv 95/46/EC (General Data Protection Regulation, GDPR).)

Det er tale om eit komplekst rettsområde som ikkje er særleg undersøkt i juridisk teori og rettspraksis. Det er dermed praktisk viktig å få avklart korleis dei einskilde reglane skal forståast og om det finnast moglegheiter for å gjere kundetiltak etter kvitvaskingslova enklare og meir ressursparande utan at ein støytar an mot reglane som vernar om borgarane sine personopplysingar.

Blant ei rekkje aktørar er det eit ønske om større moglegheiter for utveksling av opplysingar for å effektivisere og forenkle arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering. Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP) har til dømes eit samarbeidsprosjekt mellom Skatteetaten, NAV, politiet og finansnæringa på trappene som ønskjer å effektivisere etatane si innhenting av kontoopplysingar gjennom digital informasjonsdeling.¹¹ Finans Norge uttalar i denne samanheng at ei slik ordning for deling av personopplysingar vil effektivisere nedkjemping og førebygging av kriminalitet.¹² Financial Action Task Force (FATF) har også uttalt at effektiv deling av informasjon er ein av hjørnesteinane for eit velfungerande kvitvaskingsregelverk i sine retningslinjer for informasjonsdeling i privat sektor, og Rådet for Den europeiske union har føreslått å opne for auka deling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige.¹³ EU-domstolen satt likevel nyleg ned foten for fri deling av opplysingar til ålmenta frå det nye registeret over reelle rettshavarar i lys av retten til personopplysingsvern. Dette viser at det må setjast visse grenser for behandling av personopplysingar, sjølv for å nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering.¹⁴

1.1.3 Bakgrunn og kontekst

For å kunne setje temaet inn i ein større samanheng, er det nødvendig å presentere bakgrunnen og konteksten for dei reglane som eg skal behandle vidare.

¹¹ Bits AS, «Kontrollinformasjon», <http://bits.no/project/kontrollinformasjon/> (lest: 15. februar 2023).

¹² Tom Staavi, «Effektiviteten må aldri trumfe tillit», 22. april 2021, <http://finansnorge.no/aktuelt/nyheter/2021/04/effektiviteten-ma-aldri-trumfe-tillit/> (lest: 20. februar 2023).

¹³ FATF (2017), s. 2; Council of the European Union, «Proposal for a Regulation of the European Parliament and of the Council on the prevention of the use of the financial system for the purposes of money laundering or terrorist financing», 5. desember 2022, <https://data.consilium.europa.eu/doc/document/ST-15517-2022-INIT/en/pdf> (lest: 26. april 2023), forslag til artikkel 55 nr. 5.

¹⁴ Dom av 22. november 2022 [GC], *Luxembourg Business Registers*, C-37/20 og C-601/20, ECLI:EU:C:2022:912, avsnitt 83.

I oktober 2018 trådte dagens kvitvaskingslov med tilhørende forskrift i kraft.¹⁵ Reglane byggjer i stor grad på EUs fjerde kvitvaskingsdirektiv og anbefalingane til FATF.¹⁶ Lova innebar visse endringar og presiseringar samanlikna med den førre kvitvaskingslova frå 2009.¹⁷ Til dømes vart gruppa av rapporteringspliktige utvida og det vart innført gebyr for manglande etterleving av regelverket. I etterkant har EUs femte kvitvaskingsdirektiv blitt til, som inneber visse endringar av fjerde kvitvaskingsdirektiv. Basert på dette nye direktivet og FATF sine oppdaterte anbefalingar fastsette Finansdepartementet fleire endringar i kvitvaskingsforskrifta i mai 2021.¹⁸

Føremålet til kvitvaskingslova og kvitvaskingsforskrifta er å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.¹⁹ Alle handlingar som har noko med utbyttet frå ei kriminell handling å gjere vert rekna som kvitvasking etter straffelova §§ 332 og 337, medan terrorfinansiering er finansiering av terrorhandlingar, terrororganisasjonar eller individuelle terroristar ifølgje straffelova §§ 135 og 136 a.²⁰

Kvitvaskingslova gjeld for finansielle føretak som bankar, betalingsføretak, forsikringsselskap og verdipapirføretak. I tillegg er ikkje-finansielle verksemder som revisorar, rekneskapsførarar, advokatar, eigedomsmeklarar og dei som tilbyr speletenestar omfatta. Det er desse som vert omtalt som rapporteringspliktige etter lova. Dei rapporteringspliktige kan dermed vere ei rekkje ulike aktørar og verksemder av ulike størrelsar og med ulike føresetnader.²¹

Tiltak etter kvitvaskingslova skal gjennomførast av dei rapporteringspliktige ved bruk av ei risikobasert tilnærming.²² Dette inneber at tiltak skal vurderast i forhold til risikoen som gjer seg gjeldande, og at ressursar skal nyttast der det er størst risiko for kvitvask og terrorfinansiering.²³ Det er dermed i stor grad opp til den rapporteringspliktige sjølv ut i frå

¹⁵ Kvitvaskingslova; Forskrift 14. september 2014 nr. 1324 om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingsforskrifta).

¹⁶ The Financial Action Task Force (FATF), *International Standards on combating Money Laundering and the Financing of Terrorism & Profileration – The FATF Recommendations*, oppdatert februar 2023. Henta frå: <https://www.fatf-gafi.org/en/publications/Fatfrecommendations/Fatf-recommendations.html>.

¹⁷ Finanstilsynet, *Veileder til hvitvaskingsloven*, Rundskriv 4/2022. Henta frå: <https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/rundskriv/2022/veileder-til-hvitvaskingsloven/>, s. 7.

¹⁸ Finanstilsynet (2022), s. 7.

¹⁹ Kvitvaskingslova § 1.

²⁰ Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffelova).

²¹ Kvitvaskingslova § 4.

²² Kvitvaskingslova § 6.

²³ Carine Lindman-Johannesen, *Karnov lovkommentar: Hvitvaskingsloven 2018*, Lovdata.no, 3. november 2021 (lest: 23. januar 2023), note 1 til § 6.

ei risikovurdering å avgjere kva som er nødvendig i det einstilte høve. Risikovurderingane til verksemdene kan rett nok verte overprøvd av tilsynsmyndene dersom dei ikkje er tilfredsstillande.

Dei rapporteringspliktige pliktar mellom anna å gjennomføre kundetiltak og innhente ei rekkje opplysingar om kunden, samt å gjennomføre nærare undersøkingar knytt til kunden eller einstilte transaksjonar der det krevst. Vidare opnar regelverket for utveksling av kundeopplysingar mellom rapporteringspliktige i visse høve, noko eg kjem nærare inn på i kapittel 4. Behandling av personopplysingar er dermed ein heilt grunnleggjande føresetnad for kvitvaskingsregelverket.²⁴

Det er lagt til grunn i kvitvaskingslova § 29 første ledd at rapporteringspliktige kan behandle personopplysingar for å oppfylle pliktene som følgjer av lova sjølv eller forskrift gitt i medhald av lova. Behandlinga skal skje i tråd med føremålet til lova om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.²⁵ Vidare er det stadfesta i andre ledd at personopplysingslova gjeld med mindre anna er særskilt bestemt.²⁶ Opplysingar og dokument som er innhenta etter lova skal som hovudregel verte lagra i fem år etter at kundeforholdet vart avslutta eller transaksjonen gjennomført, men forskrifta heimlar også ei utvida lagring i ytterlegare fem nye år under visse føresetnader.²⁷ Ved langvarige kundeforhold er det dermed tale om ei omfattande lagringstid som ikkje er mogleg å definere på førehand.

Opplysingane som vert behandla og utveksla etter kvitvaskingslova kan vere mangfaldige. Transaksjonshistorikken til eit individ kan nemleg innehalde store mengder informasjon om ein person sitt liv. Den kan til dømes innehalde informasjon om ein person si lønnsinntekt og kvar ho er tilsett, om ho får trygd eller anna stønad, størrelse på lån og gjeld, kvar ho handlar matvarene sine og om ho har månadlege betalningar til ein fritidsklubb. Det kan også vere tale om sær privat informasjon som gir uttrykk for ein person sin helse, politiske meiningar, religiøs tru, eller seksuell preferanse, og som vert rekna som sensitive og har særskilt vern etter blant anna GDPR artikkel 9. Slike opplysingar kan komme fram gjennom til dømes medlemskontingent til politiske parti, donasjon til ei religiøs gruppe eller faste besøk på ein

²⁴ Prop. 40 L (2017-2018) Om lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering, s. 112.

²⁵ Prop. 40 L (2017-2018), s. 118; Direktiv 2015/849 artikkel 41 nr. 2.

²⁶ Lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger (personopplysingslova).

²⁷ Kvitvaskingslova § 30; Kvitvaskingsforskrifta § 6-4.

klubb for homofile.²⁸ Kvitvaskingsforskrifta § 6-1 gir heimel for å behandle også slike særlege kategoriar av personopplysingar når dette er nødvendig for å oppfylle pliktane etter kvitvaskingslova.

Kvitvaskingsregelverket er med dette eit behandlingsgrunnlag som gir betydeleg moglegheit for å behandle personopplysingar, samt at det er tale om ei potensielt lang lagringstid for desse opplysingane. Regelverket heimlar også behandling av sær mange einskildmenneske sine personopplysingar, til dømes vert alle som har ein bankkonto utsett for kundetiltak og overvaking av sin aktuelle bank.²⁹

1.2 Rettskjeldebilete og metode

Problemstillingane som vert reist i oppgåva vert drøfta ved hjelp av alminneleg juridisk metode. Med omgrepet alminneleg juridisk metode viser eg til den framgangsmåten som vert nytta i norsk rett for å gjere materiell rett frå rettskjeldene om til funksjonelle rettsreglar gjennom ein rettsbruksprosess.³⁰ I dette kapitlet vil eg gjere greie for rettskjeldebilete for oppgåva, samt dei særskilte metodiske utfordringane som vert aktualisert i samband med dette.

Som overordna rettsnormer vil oppgåva særleg sjå til dei menneskerettslege pliktene i Grunnlova og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), og kva krav som vert stilt til inngrep i desse. Etter menneskerettslova § 2 jf. § 3 gjelder EMK «som norsk lov».³¹

Ei metodisk utfordring er at det ikkje finst noko norsk rettspraksis knytt til problemstillingane eg skal ta føre meg i oppgåva. Eg vil dermed i hovudsak sjå til ordlyden i dei aktuelle lovtekstane og relevante førearbeid for å skildre innhaldet i reglane. Førearbeida gir premisser for innhaldet i lovteksten, og kan gi viktige bidrag til forklaring av denne.³²

I oppgåva nyttar eg også rundskriv og rettleiingar knytt til kvitvaskingsregelverket. Føremålet med desse må vere å rettleie dei rapporteringspliktige til ei riktig og mest mogleg einsarta forståing av regelverket. Rettleiingane bidreg dermed til å danne ein praksis blant dei

²⁸ Jonida Milaj og Carolin Kaiser, *Retention of data in the new Anti-money Laundering Directive - 'need to know' versus 'nice to know'*, International Data Privacy Law, Vol. 7 No. 2, 2017, s. 119.

²⁹ Sjå kvitvaskingslova § 4 og kvitvaskingslova kapittel 4.

³⁰ Alf Peter Høgberg og Jørn Øyrehagen Sunde (red.), *Juridiske metode og tenkemåte*, Universitetsforlaget 2019, s. 27.

³¹ Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova).

³² Nils Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2.utg, Universitetsforlaget 2004, s. 196.

rapporteringspliktige. Det er likevel usemje i teorien om rundskriv og rettleiingar er relevante rettskjeldefaktorar.³³ Trass i dette verkar dei å gi verdifulle tolkingsbidrag då dei gir uttrykk for korleis tilsynsmyndene ønskjer at regelverket skal oppfattast og nyttast. Respekt for organa sin fagkyndigheit tilseier at rettsoppfatninga deira må telje.³⁴ Særleg i mangel på rettspraksis, vil slike rettleiingar dermed verte nytta som tolkingsbidrag ved skildring av gjeldande rett i oppgåva.

Eg vil også vise til vedtak og utsegn frå Finanstilsynet, Datatilsynet og lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet. Den rettskjedemessige vekta av slik forvaltningspraksis varierer, og Høgsterett legg typisk vekt på om det er tale om langvarig, konsekvent og omfattande praksis, og om praksisen har tilstrekkeleg kvalitet og varigheit.³⁵ Praksisen kastar i alle tilfelle lys over korleis reglane vert handheva av tilsynsorganane og forstått av lovavdelinga, og er dermed relevant å sjå til både for å kartleggje dagens rettstilstand samt knytt til rettspolitiske problemstillingar. På same måte som for rundskriv og rettleiingar må dette særleg gjelde då det er mangel på rettspraksis på området.

Vidare vil eg sjå til rettspraksis frå EU-domstolen. Trass i at Noreg ikkje er direkte bunden av domstolen er rettspraksisen ei relevant rettskjelde for oppgåva sine problemstillingar, då kvitvaskingsdirektiva er EU-regelverk som er innlemma i EØS-avtalen.³⁶

EØS-avtalen si overordna målsetjing er å integrere European Free Trade Association (EFTA)-statane i EUs indre marknad, og dette føreset at EØS-regelverk som stammar frå EU-retten skal gjelde med same innhald som når reglane vert tolka og nytta av EU-domstolen internt i EU.³⁷ Denne føresetnaden vert gjerne omtala som homogenitetsprinsippet, og gjer at det er naturleg med ei heilskapleg tilnærming til EU-rett som rettskjelde.³⁸ Prinsippet kjem til uttrykk ei rekkje stadar i EØS-avtalen, blant anna i artikkel 6, 105 nr. 2 og 3 og artikkel 106. Det følgjer også av ODA artikkel 3 nr. 2 at EFTA-domstolen skal ta omsyn til dei prinsippa som er slått fast gjennom relevante avgjersler frå EU-domstolen.³⁹

³³ Erik Magnus Boe, *Rettskildelære under debatt*, 2.utg, Universitetsforlaget 2021, s. 437.

³⁴ Boe (2021), s. 439.

³⁵ Sjå til dømes Rt. 1987 s. 729 og HR-2016-2017-A avsnitt 93 (mindretalet).

³⁶ Vedlegg IX til Avtalen om Det europeiske samarbeidsområdet med tilhørende protokoller, Oporto 2. mai 1992 (EØS-avtalen).

³⁷ Halvard Haukeland Fredriksen og Gjermund Mathisen, *EØS-rett*, 4. utg, Fagbokforlaget 2022, s. 70; Sjå Sak E-9/07 og 10/07, *L'Oreal mot Per Aarskog AS, Nille AS og Smart Club AS*, EFTA, Ct. Rep. 2008, avsnitt 27.

³⁸ Høgberg og Sunde (2019), s. 387-388.

³⁹ Avtale mellom EFTA-statene om opprettelse av et overvåkingsorgan og en domstol, med protokollene 1 – 7, 2. mai 1992 (ODA).

På bakgrunn av dette vil det også vere relevant å sjå til EUs charter om grunnleggjande rettar (EU-charteret), då EU-domstolen vil prøve EU-regelverk, som til dømes kvitvaskingsdirektiva, opp mot desse grunnleggjande rettane.⁴⁰ Noreg må dermed som part i EØS-avtalen respektere desse grunnleggjande rettane i charteret, og det bør derfor også kunne nyttast som eit tolkingsbidrag for norsk lov som stammar frå EU-rett. Vidare er store delar av innhaldet i charteret samanliknbart med dei rettane som Noreg er bunden til gjennom EMK.

Financial Action Task Force (FATF) har utarbeida anbefalingar og rettleiingar for arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering. FATF er eit mellomstatleg samarbeidsorgan som har som føremål å etablere ein einskapleg internasjonal tilnærming til arbeidet mot nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering.⁴¹ Anbefalingane er ikkje formelt bindande for medlemsstatane, og har såleis avgrensa vekt som rettskjelde. Kvitvaskingsdirektivet byggjer likevel på blant anna FATF sine anbefalingar, og dei legg press på nasjonale styresmakter for å skjerpe rutine for kvitvasking og terrorfinansiering. Arbeidet til FATF har dermed fått stor gjennomslagskraft, og blir tatt på alvor.⁴² Anbefalingane og rettleiingane til FATF verkar på bakgrunn av dette å vere relevante opp mot oppgåva sitt tema, og vil særleg verte nytta i oppgåva sin rettspolitiske diskusjon.

I oppgåva vil eg i tillegg vise til utsegn frå European Data Protection Board (EDPB). EDPB er eit uavhengig organ oppretta ved GDPR som bidreg til lik bruk av reglar om personopplysingsvern i EU, og som fremjar samarbeid mellom dei ulike nasjonale myndene for personopplysingsvern. Utsegn og anbefalingar frå dette organet gir uttrykk for korleis datatilsynsmyndene i EU og EØS forstår reglane på tvers av landegrensene, og vil dermed vere relevante særleg knytt til spørsmålet om ei eventuell auka moglegheit til å utveksle personopplysingar.⁴³

I den rettspolitiske delen vil eg også sjå til svenske og danske lovreglar, førearbeid og lovkommentarar knytt til nyare regelverk for samarbeid og utveksling av opplysingar i kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering. For norsk lov som er utvikla gjennom internasjonalt samarbeid, vil også utanlandsk praktisering av regelverka kunne vere av

⁴⁰ Charter of Fundamental Rights of the European Union, 2012/C 326/02, 26. October 2012 (EUs charter om grunnleggjande rettar); Fredriksen og Mathisen (2022), s. 37.

⁴¹ Financial Action Task Force (FATF), «Who we are», <https://www.fatf-gafi.org/en/the-fatf/who-we-are.html> (lest: 4. april 2023).

⁴² Amund Utne, *Internasjonalt samarbeid mot kvitvasking og terrorfinansiering*, Lov og Rett, Vol. 58 Utg. 4, Idunn.no, 28. mai 2019, s. 232-254.

⁴³ Datatilsynet, «Det europeiske Personvernrådet (EDPB)», 19. juni 2020, <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/internasjonalt/personvernradet/> (lest: 26. april 2023).

interesse.⁴⁴ Ordningane i nordiske land med lik lovgjevingstradisjon, og som vi gjerne samanliknar oss med, er også særskilt interessante knytt til ei drøfting av korleis rettstilstanden bør vere.⁴⁵

Avslutningsvis vil forholdsmessigheitsprinsippet verte nytta som ein rettspolitisk reiskap for å forsøke å kartleggje kvar grensa for utveksling av personopplysingar bør gå. Eg kjem nærare inn på kvifor dette verkar å vere eit naturleg og fornuftig grep i kapittel 6.1.

1.3 Framstillinga vidare

I det vidare skal eg først ta for meg dei kryssande omsyna som gjer seg gjeldande i lys av oppgåva si problemstilling, samt om og på kva måte desse er verna av overordna rettsnormer og nasjonal rett. Deretter skal eg avklare korleis omgrepet utveksling vert tolka i relasjon til oppgåva sitt tema. Utveksling er eit heilt sentralt koplingsomgrep i oppgåva, og det er derfor naturleg å ta for seg dette i eit eige kapittel.

Vidare skal eg gjere greie for gjeldande rett knytt til utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova. Her vil særleg reglane i kvitvaskingslova § 28, § 22 og § 31 samt kvitvaskingsforskrifta § 6-5 gjerast greie for.

Til slutt skal eg drøfte om moglegheita til utveksling av personopplysingar kan og bør utvidast. Her vil spørsmåla om kva som «kan» og «bør» skje verte drøfta kvar for seg. Det vil verte sentralt å sjå til dei kryssande omsyna og overordna rettsnormene frå første del, og kva krav desse stillar opp til behandling av personopplysingar for å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering, samt å sjå til relevant utvikling på området både nasjonalt og internasjonalt som støtte for moglege løysingar.

⁴⁴ Nygaard (2004), s. 220.

⁴⁵ Sjø blant anna NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov – Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven), s. 126 og NOU 2022: 21 Strafferettslig vern av den seksuelle selvbestemmelsesretten, kapittel 4.

2 Kryssande omsyn og overordna rettsnormer

2.1 Innleiing

Bakteppe for oppgåva si problemstilling er, som introdusert i kapittel 1, at to heilt sentrale omsyn i dagens samfunn kjem i konflikt med kvarandre når ein opnar for behandling og utveksling av personopplysingar etter kvitvaskingsregelverket. Ein har omsynet til privatliv og personopplysingsvern på den eine sida, og omsynet til førebygging og avdekking av dei kriminelle handlingane kvitvasking og terrorfinansiering, på den andre. Det er nødvendig å undersøke og presisere desse omsyna fordi dei er verdifulle ved tolkinga av dei aktuelle lovføresegna, samstundes som omsyna vil vere relevante når eg skal undersøke om moglegheita til å utveksle opplysingar kan og bør utvidast i kapittel 5 og 6. Eg vil også gjere greie for i kva grad og på kva måte desse omsyna er verna av overordna rettsnormer og norsk rett, då dette er relevant for omsyna si vekt og for korleis ei avveging av dei kryssande omsyna skal skje.

2.2 Omsynet til privatliv og personopplysingsvern

2.2.1 Personopplysingsvern

Vern av personopplysingar kan skildrast på ei rekkje ulike måtar. Uavhengig av kva innfallsvinkel ein vel, står respekt for einskildmenneske sin integritet og privatlivets fred sentralt.⁴⁶ I juridisk litteratur skil ein typisk mellom dei to omgrepa «personvern» og «personopplysingsvern». Her kan personvern gjerne verte forstått som eit vern av den personlege integriteten til einskildmenneske i vid forstand. Eit heilt vesentleg element i denne retten er at den einskilde skal ha kontroll over og i størst mogleg grad kunne bestemme over sine eigne personopplysingar, gjennom blant anna å vite kva opplysingar om seg sjølv som andre kjenner til og kva desse opplysingane vert brukt til. Denne delen av personvernet vert gjerne kalla for personopplysingsvern, og byggjer på dei grunnleggjande verdiane knytt til

⁴⁶ NOU 2022: 11 Ditt personvern – vårt felles ansvar – Tid for en personvernspolitikk, s. 29.

menneske sin sjølvråderett og verdigheit.⁴⁷ På engelsk nyttar ein omgrepet «data protection» om personopplysingsvernet, og det er dette som vert regulert av personopplysingslova og GDPR.⁴⁸ På bakgrunn av dette vil eg i hovudsak nytte omgrepet personopplysingsvern i det følgjande.

Vernet av personopplysingar er heilt grunnleggjande for eit fullverdig demokratisk samfunn fordi det legg grunnlaget for privat utfolding og meiningsdanning, og vernar mot inngrep frå staten og andre aktørar.⁴⁹ Motsetningsvis vil eit samfunn prega av omfattande overvaking gjere at borgarane kjenner seg utrygge, og dermed vil moglegheita til å bevege, tenke og ytre seg fritt i realiteten verte avgrensa, noko som igjen vil hemme meiningsutveksling og samfunnsutvikling.⁵⁰ Dette er særskilt aktuelt i dagens digitale samfunn som gir stadig fleire moglegheiter for bruk, lagring og deling av personopplysingar i form av data.⁵¹

Denne retten til å kunne bestemme sjølv over eigne personopplysingar er altså ikkje berre ein symbolsk rett, men det er ein grunnleggjande samfunnsverdi som blant anna tek utgangspunkt i at behandling av personopplysingar kan vere sær inngripande både for den einskilde og frå eit kollektivt synspunkt.

For det første ligg det mykje makt i å ha inngåande kunnskap om personar sine liv, og det vil alltid føreligge eit potensiale for misbruk ved behandling av personopplysingar.⁵² Feil bruk av opplysingane kan mellom anna bidra til å skape eller forsterke skeivskapar som særskilt rammar allereie utsette individ og grupper.⁵³ Det er også ein fare for at opplysingar kan spreiaast til uvedkommande, slik at den registrerte mistar moglegheita til å kunne forsvare seg mot misbruk.⁵⁴

Opplysingar om namn og fødselsnummer, som typisk vert behandla ved kundetiltak etter kvitvaskingsreguleringa, er sterke personlegdomsmarkørar som i seg sjølv kan verte nytta til å identifisere personar ned på individnivå. Dersom ein har ein slik personlegdomsmarkør kan ein dermed finne ut sær mykje om eit menneske. Dette gjeld ikkje minst ved bruk av kunstig

⁴⁷ NOU 2022: 11, s. 30-31; Dag Wiese Schartum og Lee A. Bygrave, *Personvern i informasjonssamfunnet*, 3.utg, Fagbokforlaget 2016, s. 51.

⁴⁸ Dag Wiese Schartum, *Personvernforordningen: En lærebok*, Fagbokforlaget 2020, s. 15.

⁴⁹ NOU 2022: 11, s. 29.

⁵⁰ NOU 2022: 11, s. 32.

⁵¹ Lee A. Bygrave, *Data Privacy Law*, Oxford University Press 2014, s. 10-11.

⁵² NOU 2022: 11, s. 9.

⁵³ NOU 2022: 11, s. 11.

⁵⁴ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20, avsnitt 43.

intelligens. Kunstig intelligens mogleggjer betydeleg datainnsamling, samanstilling og analyse, og fører til at store mengder opplysingar kan bli brukt til å lage omfattande profilar om einskildindivid eller grupper av menneske.⁵⁵

Kunstig intelligens vert i aukande grad brukt i arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering hjå rapporteringspliktige.⁵⁶ Risikoar som knyt seg til behandling av store mengder opplysingar basert på kunstig intelligens kan vere misbruk gjennom manipulasjon, diskriminering eller undertrykking av særskilte menneske eller grupper.⁵⁷

I forlenginga av dette kan den typen inngrep i personopplysingsvernet som utveksling av personopplysingar etter kvitvaskingsregelverket utgjer, verte oppfatta som særskilt inngripande. Sjølve utvekslinga representerer nemleg eit stort inngrep i seg sjølv då utveksling er ein føresetnad for å kunne gjere større analysar av store mengder opplysingar, og utveksling gjer at opplysingar byrjar å flyte slik at ein ikkje lenger har kontroll over dei.⁵⁸ Vidare har ikkje den registrerte rett til informasjon om at personopplysingane sine er utveksla etter kvitvaskingsreguleringa, slik ein har etter alminneleg personopplysingsrett.⁵⁹

2.2.2 Personopplysingsvern som menneskerett

EMK artikkel 8 første ledd slår fast at kvar og ein har rett til respekt for «his private and family life, his home and his correspondance». Vidare følgjer det av andre ledd at eventuelle inngrep berre kan skje når dette er «in accordance with the law» og er «necessary in a democratic society» med omsyn til eit legitimt føremål.

Omgrepet «private life» vert ofte skildra som ei sfære der individet kan motsetje seg at andre grip inn utan samtykke.⁶⁰ Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har lagt til grunn at dette også omfattar behandling og deling av personopplysingar.⁶¹ Denne retten til privatliv

⁵⁵ NOU 2022: 11, s. 52.

⁵⁶ Ida Oftebro, «Slik bruker DNB kunstig intelligens, maskinlæring og grafteknologi i kampen mot organisert kriminalitet», 21. februar 2023, <https://finanswatch.no/nyheter/bank/article14965507.ece> (lest: 21.03.2023).

⁵⁷ European Union Agency for Fundamental Rights and Council of Europe, *Handbook on Data Protection Law*, Luxembourg: Publication Office of the European Union 2018, s. 354.

⁵⁸ *Centrum för rättvisa mot Sverige* [GC], no. 35252/08, ECHR:2021:0525JUD003525208, avsnitt 244.

⁵⁹ Sjø kvitvaskingslova § 28 og Forordning 2016/679 artikkel 5.

⁶⁰ Jørgen Aall, *Rettsstat og menneskerettigheter 1: En innføring i vernet om individets sivile og politiske rettigheter*, Fagbokforlaget 2022, s. 226.

⁶¹ Sjø blant *anna S. og Marper mot UK* [GC], no. 30562/04 og 30566/04, ECHR:2008:1204JUD003056204, avsnitt 103; *Centrum för rättvisa mot Sverige* [GC], no. 35252/08, ECHR:2021:0525JUD003525208, avsnitt 244; *Satakunnan Markkinapörssi Oy og Satamedia Oy mot Finland* [GC], no. 931/13,

har også grunnlovsvern og er nedfelt i Grunnlova § 102, som igjen må tolkast i lys av sitt menneskerettslege førebilete i EMK artikkel 8.⁶²

Vidare er retten til personopplysingsvern også nedfelt i EU-charteret artikkel 8. Føresegna slår fast at personopplysingar skal «be processed fairly for specified purposes and on the basis of the consent of the person concerned or some other legitimate basis laid down by law».

Det at vern om privatliv og personopplysingar har konvensjons- og grunnlovsvern og er sett på som ein grunnleggjande rett i EU viser at omsynet til privatliv og personopplysingsvern står særst sterkt både nasjonalt og internasjonalt. Eventuelle inngrep i retten til personopplysingsvern må dermed vere legitime i samsvar med desse overordna rettsnormene.

2.2.3 Vernet etter personopplysingslova og GDPR

I 2018 trådte GDPR i kraft med føremål om å styrke einskildmenneske sin kontroll over eigne personopplysingar, bidra til harmonisering av reglar om personopplysingsvern i EU og EØS, samt legge til rette for fri flyt av personopplysingar mellom medlemslanda.⁶³ Forordninga er gjort til norsk rett gjennom personopplysingslova, og gjeld dermed direkte og i sin heilskap i Noreg.⁶⁴

GDPR stiller opp ei rekkje nærare og meir konkrete reglar og krav knytt til behandling av personopplysingar i det einskilde høve.⁶⁵ Til dømes stillar artikkel 5 opp seks overordna prinsipp for all behandling av personopplysingar, og desse verkar også som eit godt rammeverk for dei meir spesifiserte reglane som kjem seinare i forordninga. Prinsippa inneber at behandlinga må vere lovleg, rettferdig, gjennomsiktig, korrekt og i tråd med spesifikke og legitime føremål. Vidare må mengda data som vert henta inn avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå føremålet, og dei må slettast eller gjerast anonyme når dei ikkje lenger er nødvendige. Ikkje minst skal personopplysingane behandlast slik at deira integritet og konfidensialitet vert verna, og den behandlingsansvarlege har ansvar for

ECHR:2017:0627JUD000093113, avsnitt 137 og *Amann mot Sveits* [GC], no. 27798/95, ECHR:2000:0216JUD002779895, avsnitt 65.

⁶² Sjå blant anna Rt. 2015 s. 93 avsnitt 57; Rt. 2014 s. 1105 avsnitt 30 og HR-2018-104-A avsnitt 23.

⁶³ Forordning 2016/679 fortalens punkt 3.

⁶⁴ Personopplysingslova § 1.

⁶⁵ Personopplysingslova.

å overhalde reglane. Desse grunnkrava i GDPR representerer presiseringar av det som allereie følgjer av retten til privatliv og personopplysingsvern i EMK og EU-charteret.

Det er låg terskel for at noko skal reknast som «behandling» av personopplysingar etter GDPR, og nærast all bruk, lagring og deling av opplysingar om ein identifiserbar person vert omfatta.⁶⁶ Den som er overordna ansvarleg for å overhalde reglane ved slik behandling vert kalla behandlingsansvarleg, og er i GDPR artikkel 4 nr. 7 definert som ein «fysisk eller juridisk person, en offentlig myndighet, en institusjon eller ethvert annet organ» som aleine eller saman med andre «bestemmer føremålet med behandlingen av personopplysinger og hvilke midler som skal benyttes». Innanfor kvitvaskingslova sitt verkeområde kan dermed den som er rapporteringspliktig typisk også vere behandlingsansvarleg.

2.3 Omsynet til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering

Førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering er eit legitimt føremål i det offentlege si interesse som kan grunnkje behandling av personopplysingar.⁶⁷ Reglar om deling av personopplysingar med føremål om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering er likevel ikkje produkt av ei positiv plikt som kvilar på staten med grunnlag i menneskerettane. Det er altså ikkje tale om to rettar som står mot kvarandre på menneskerettsleg nivå. Spørsmålet vert om det er tale om eit legitimt inngrep i retten til personopplysingsvern, og her vert ei avveging av dei motståande omsyna heilt sentral.

I tråd med denne offentlege interessa til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering vart kvitvaskingslova til. Føremålet med tiltaka etter lova er at desse skal beskytte det finansielle og økonomiske systemet samt samfunnet som heilskap ved å førebyggje og avdekke at rapporteringspliktige vert brukt eller forsøkt brukt som eit ledd i kvitvasking eller terrorfinansiering.⁶⁸

Kvitvasking og terrorfinansiering er trugslar for det finansielle systemet og eit fungerande næringsliv, som igjen kan føre til utryggleik og mistillit i befolkninga. Problema uttrykkjer seg gjennom at utbyttet frå kriminelle handlingar vert forsøkt blanda inn i den legale

⁶⁶ European Union Agency for Fundamental Rights and Council of Europe (2018), s. 99.

⁶⁷ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20 avsnitt 59; Direktiv 2018/843 artikkel 1 (26).

⁶⁸ Kvitvaskingslova § 1.

økonomien, eller ved at illegale overføringer vert tilsjørt som legale.⁶⁹ Kvitvasking er ein føresetnad for at kriminelle skal kunne omsetje og tilgodesjå utbyttet frå kriminalitet, og har dermed ofte nær samanheng, og kan til og med vere sjølve målet, med organisert og alvorleg kriminalitet. Vidare er det eit grunnleggjande utgangspunkt at terroristar ikkje skal få moglegheit til å finansiere den valdelege og øydeleggjande verksemda si ved hjelp av dei rapporteringspliktige verksemdene sine tenester.⁷⁰

Denne typen økonomisk kriminalitet genererer også ny kriminalitet. Til dømes kan det vere nær samanheng mellom kvitvasking og korrupsjon, då korrupsjon kan nyttast for å plassere utbyttet i eit legitimt system på ein måte som ikkje vekker merksemd. Kvitvaskingsprosessen kan også føre til blant anna valdsbruk, trugslar og utpressing. I tillegg kan kvitvasking ha ein nær samanheng med skatteunndraging, som igjen bidreg til å minske velferdsstaten sine skatteinntekter.⁷¹

Vidare kan kvitvasking og terrorfinansiering vere med på å bryte ned samfunnsborgarane sin tillit til bank- og finanssystemet, og medføre skeive konkurranseforhold i næringslivet.⁷² Ein konsekvens kan også vere at land som ikkje evnar å nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering tiltrekker seg kriminelle som ønskjer å utnytte dette. I lengda kan ein slik praksis få sær store økonomiske konsekvensar for eit land. Til dømes kan utanlandske institusjonar setje i gang tiltak mot kvitvasking på transaksjonar og handel til og frå landet.⁷³

Økokrim har nyleg lagt til grunn at kvitvasking og terrorfinansiering er reelle og alvorlege trugslar i Noreg. Vi har ein økonomi som i stor grad baserer seg på handel og deltaking i den internasjonale økonomien, og omsynet til nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering står dermed høgt for å bevare tryggleiken og tilliten i samfunnet vårt.⁷⁴

Oppsummert er det ingen tvil om at det er to tungtvegande omsyn som står mot kvarandre ved spørsmål om utveksling av personopplysingar etter kvitvaskingslova, med ein menneskerett på den eine sida og ei sterk offentleg interesse på den andre. Dette spenningsfeltet gjer det særskilt interessant å undersøke kvar grensa går for utveksling av personopplysingar mellom

⁶⁹ Jon Petter Rui, *Hvitvasking: Fenomenet, regelverket, nye strategier*, Universitetsforlaget 2012, s. 72.

⁷⁰ Prop. 2021/22:251 Samverkan mot penningstvätt och finansiering av terrorism, s. 37.

⁷¹ Rui (2012), s. 75.

⁷² Rui (2012), s. 77.

⁷³ Rui (2012), s. 78.

⁷⁴ Økokrim (2022), s. 4.

rapporteringspliktige etter dagens kvitvaskingsregelverk, og i kva grad ein kan og bør utvide denne moglegheita.

3 Omgrepet «utveksling»

Det å utveksle personopplysingar er eit nytt inngrep etter EMK og EU-charteret og ei ny «behandling» etter GDPR artikkel 4 nr. 2, og krev dermed eit særskilt rettsleg grunnlag.⁷⁵ I tillegg må slik utveksling vere i samsvar med eit legitimt føremål og vere forholdsmessig for å vere eit legitimt inngrep i personopplysingsvernet, noko eg kjem nærare tilbake til i kapittel 5.⁷⁶ Det er dermed avgjerande å definere kva som vert omfatta av omgrepet og ikkje. Ordet «deling» vil nyttast synonymt med «utveksling» i oppgåva.

Kvitvaskingslova inneheld ikkje egne reglar for utveksling av informasjon innanfor ei juridisk eining, og ut i frå ei antitetisk tolking er dermed utgangspunktet at det ikkje gjeld avgrensingar for slik intern informasjonsutveksling. Avsløringsforbodet i kvitvaskingslova § 28 gir likevel uttrykk for at det gjeld eit «need to know»-prinsipp også innanfor juridiske einingar, slik at berre dei som har eit faktisk behov for informasjonen i sitt arbeid skal ha tilgang til den.⁷⁷

Med utveksling av opplysingar etter kvitvaskingslova siktar ein dermed til å dele opplysingar med tredjepersonar utanfor den juridiske eininga der opplysingane finn stad, slik at desse både kan bruke opp att og vidarebruke opplysingane. I praksis kan slik utveksling skje på ulike måtar. Innanfor eit konsern er det krav om ei standardisert ordning for dette, noko eg kjem tilbake til i kapittel 4.4. Utveksling av personopplysingar utanfor konsern har på den andre sida ikkje noko fast system, og skjer av den grunn gjerne på etterspørsel via e-postkommunikasjon eller telefonsamtalar mellom dei aktuelle rapporteringspliktige.

At den som mottek opplysingane har teieplikt endrar heller ikkje utvekslinga si karakter av å vere eit inngrep i den enskilde sin rett til personopplysingsvern. Dette følgjer naturleg av at utvekslinga er sjølv inngrepet, og når opplysingane er delt er dermed inngrepet allereie skjedd. Avgrensingar kring korleis mottakaren kan nytte opplysingane vidare kan ikkje endre dette.

⁷⁵ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20; NOU 2016: 27 Ny lovgivning om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering Andre delutredning, s. 143.

⁷⁶ Sjå EMK artikkel 8; EUs charter om grunnleggjande rettar artikkel 8 jf. artikkel 52 nr. 1; Forordning 2016/679 artikkel 4 nr. 2 og artikkel 5.

⁷⁷ Finanstilsynet (2022), s. 90.

4 Dagens moglegheit til å utveksle opplysingar mellom rapporteringspliktige

4.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg rette fokus mot gjeldande rett kring utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova, i tråd med masteroppgåva si første problemstilling. Eg vil starte i utgangspunktet om hemmelegald for visse typar opplysingar i kvitvaskingslova § 28, og deretter presentere heimelen til utveksling av opplysingar i samband med kundetiltak utført av tredjepart etter kvitvaskingslova § 22. Til slutt vil eg sjå på dei tre ulike reglane for deling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige i kvitvaskingslova § 31 første til tredje ledd.

Ei slik rekkjefølgje verkar å vere føremålstenleg då kvitvaskingslova § 28 er ein hovudregel og eit naturleg startpunkt som set ei ramme for reglane om utveksling i § 31, og som er grunngeve i blant anna omsynet til personopplysingsvern. Deretter er det naturleg å sjå til heimelen for utveksling av opplysingar i samband med kundetiltak utført av tredjeperson i § 22, då denne heimelen er ulik dei andre når det gjeld plassering i lova og innhald. Vidare skil dei tre moglegheitene for utveksling av opplysingar i kvitvaskingslova § 31 seg i frå kvarandre både knytt til verkeområdet og omfang, slik at det er naturleg å presentere dei kvar for seg for å gi eit fullverdig bilete av dagens moglegheit til å utveksle personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova. Føresegna sitt første og andre ledd dreier seg om utveksling innanfor eit konsern, og vert dermed behandla saman i kvar sine underpunkt i 4.4, medan tredje ledd heimlar utveksling utanfor konsern og vert behandla i kapittel 4.5.

4.2 Avsløringsforbodet som eit utgangspunkt

Utgangspunktet etter kvitvaskingslova § 28 første ledd er at det er forbode å avsløre for «kunden eller tredjepersoner» at det blir eller er gjort undersøkingar, at det er oversendt opplysingar til Økokrim eller at etterforsking er satt i verk. Føremålet med avsløringsforbodet

er å hindre at uvedkommande får kjennskap til opplysingar som kan hindre at lova sitt føremål vert oppfylt.⁷⁸

Ordlyden «tredjepersoner» talar for å omfatte alle som ikkje er direkte involvert i prosessen som nødvendiggjær at opplysingane vert behandla. Dette gjeld som tidlegare nemnt også tilsette hjå den rapporteringspliktige som ikkje har behov for slik informasjon.⁷⁹ Med utgangspunkt i avsløringsforbodet kan ein som hovudregel altså ikkje utveksle opplysingar som gjeld undersøkingar, oversending av opplysingar til Økokrim eller etterforskning i det heile.

Føreseigna sitt andre til åttande ledd gir unntak frå avsløringsforbodet, men desse representerer ikkje i seg sjølv ein heimel til å utveksle opplysingar på tvers av reglar om teieplikt og personopplysingsvern.⁸⁰ Ein må dermed undersøke om det eksisterer andre heimlar for utveksling av opplysingar i kvart konkrete høve. Unntaka i § 28 er likevel nødvendige for at fleire av dei nærare reglane om deling skal kunne fungere, då dei opnar for unntak frå forbodet i samsvar med desse.

4.3 Utveksling i samband med kundetiltak utført av tredjepart

For gjennomføring av kundetiltak «som nevnt i § 12 første til tredje ledd og femte ledd, § 13 første til tredje ledd og femte ledd og § 14» kan rapporteringspliktige etter skriftleg avtale leggje til grunn kundetiltak utført av nærare bestemte tredjepartar jf. kvitvaskingslova § 22 første ledd. Dei aktuelle kundetiltaka gjeld i hovudsak identifisering og stadfesting av identiteten til fysiske og juridiske personar, samt identifisering av reelle rettshavarar.⁸¹

Det følgjer vidare av § 22 femte ledd at ein kan utlevere opplysingar og dokument i samsvar med kundetiltak utført av ein tredjepart etter føreseigna når kunden vert informert om at opplysingane og dokumenta vert utlevert.

⁷⁸ Jon Petter Rui, Gunnar Holm Ringen og Kristine Frivold Rørholt, *Lovkommentar, Hvitvaskingsloven*, Juridika, 1. desember 2022 (lest: 16. mars 2023), kommentar til § 28 første ledd.

⁷⁹ Finanstilsynet (2022), s. 80.

⁸⁰ Finanstilsynet (2022), s. 81; Prop. 40 L (2017-2018), s. 110.

⁸¹ Finanstilsynet (2022), s. 87.

Den skriftlege avtalen mellom den rapporteringspliktige tredjeparten og den rapporteringspliktige som mottok opplysningane må i det minste sørge for at tredjeparten oppfyller krava i kvitvaskingslova, samt sikre krav til utleveringa av opplysningane og dokumenta som blant anna tidspunkt for utlevering, kvaliteten av den og at kunden skal informerast.⁸²

Føresegna gjeld for ein anna type informasjon enn det avsløringsforbodet i § 28 set skrankar mot å utveksle, då opplysningane etter § 22 knyt seg til kundetiltak og ikkje undersøkingar eller etterforsking. Det er dermed ikkje behov for noko unntak frå kvitvaskingslova § 28 her, men det er likevel nødvendig med eit sjølvstendig rettsleg grunnlag for utveksling av kundeopplysingane då dette som nemnt er eit særskilt inngrep i retten til personopplysingsvern.

Heimelen for utveksling skil seg også frå heimlane i kvitvaskingslova § 31 første til tredje ledd med omsyn til at kunden vert informert om at opplysningane vert delt etter § 22 femte ledd. I tillegg vil det føreligge eit avtaleforhold mellom dei rapporteringspliktige i botn som grunnlag for utvekslinga.

4.4 Utveksling innanfor eit konsern

4.4.1 Delingsmoglegheit etter § 31 første ledd

Det følgjer av kvitvaskingslova § 31 første ledd jf. kvitvaskingsforskrifta § 6-5 at «informasjon kan uten hinder av taushetsplikt deles mellom konsernselskaper nevnt i kvitvaskingsloven § 31 første ledd, som ledd i tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering» når informasjonen gjelder «felles kunde» eller «kunder som har særlig tilknytning til hverandre», som til dømes «tilknytninger som indikerer felles reell rettighetshaver, eller andre forhold som kan tilsi at en transaksjon eller aktivitet gjennomføres på vegne av samme person».

Konsernselskapa dette omfattar er rapporteringspliktige bankar, kredittføretak, finansieringsføretak, e-pengeføretak, verdipapirføretak, forvaltningsselskap for verdipapirfond, forsikringsføretak, føretak som driver forsikringsformidling som ikkje er

⁸² Finanstilsynet (2022), s. 87.

gjenforsikringsmekling, forvaltar av alternative investeringsfond og låneformidlingsføretak som er del av same konsern og etablert i EØS.⁸³

Kvitvaskingslova inneheld ikkje noko legaldefinisjon av kva som er eit og same konsern, og norsk lovgjeving har heller ikkje noko einskapleg definisjon av dette. Kjernen i konsernomgrepet verkar likevel å vere at eit morselskap har bestemmande innflytelse over eit eller fleire dotterselskap.⁸⁴

Føresegna gjennomfører fjerde kvitvaskingsdirektiv artikkel 45 nr. 8 første punktum jf. artikkel 39 nr. 3 og gjer det mogleg for dei nærare avgrensa rapporteringspliktige å dele opplysingar innanfor konsernet.⁸⁵ Føremålet bak denne utvekslingsmoglegheita er moglegheit for risikostyring i konsernet samt effektivisering av arbeidet med å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.⁸⁶

Ordlyden «kunde» omfattar nye kundar, eksisterande kundar, tidlegare kundar som har vorte avvist eller tidlegare kundar der kundeforholdet har vorte avvikla.⁸⁷ Dette inneber at informasjon kan delast på alle slags steg i eit kundeforhold.

Det som kan delast etter føresegna er «alle relevante opplysninger og dokumenter som er innhentet eller utarbeidet etter kvitvaskingsloven med forskrift». Dette omfattar etter føresegna også «informasjon om kunden, reelle rettighetshavere, konti, transaksjoner mv.». Etter ordlyden er det tale om ein vid heimel som kan omfatte det meste av informasjon som er innhenta om kunden. Finanstilsynet legg i sitt høyringsnotat til kvitvaskingsforskrifta til grunn at alle opplysingar som vert kravd oppbevart og lagra etter kvitvaskingslova § 30 første ledd, bør kunne delast innanfor eit konsern. Det vil seie alle opplysingar som er innhenta eller utarbeida ved kundetiltak, undersøkingar og rapportering etter kvitvaskingslova § 9 til § 26.⁸⁸

Kvitvaskingsforskrifta § 6-5 opnar eksplisitt for utveksling av opplysingar «uten hinder av taushetsplikt». Ordlyden talar klart for at regelen for utveksling må gå framfor teiepliktføresegn i anna lovgjeving, sjølv om § 31 første ledd ikkje uttrykkeleg fastset dette.⁸⁹

⁸³ Kvitvaskingslova § 31 første ledd jf. § 4 første ledd.

⁸⁴ NOU 1996: 3 Ny aksjelovgivning, s. 87; Lov 13.juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova) § 1-3.

⁸⁵ Lindman-Johannesen (2021), note 2 til § 31.

⁸⁶ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 første ledd.

⁸⁷ Finanstilsynet (2022), s. 91.

⁸⁸ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 første ledd.

⁸⁹ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 første ledd.

Føresegna er ein «kan»-regel, slik at det ikkje er noko plikt for dei aktuelle rapporteringspliktige i eit konsern til å utveksle alle opplysingar som det er opna for. Ut i frå blant anna omsynet til personopplysingsvernet og avsløringsforbodet kan det vere nødvendig å avgrense kva slags opplysingar som vert delt, og kva personar i føretaka som har tilgang til dei einskilde opplysingane. Det vil i stor grad vere opp til den rapporteringspliktige sjølv å gjere denne avveginga i det einskilde høve.⁹⁰

Etter § 6-5 femte ledd skal konsernet ha ein «sentralisert funksjon» for utveksling av opplysingar for å kunne handtere risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering. Ordlyden «sentralisert funksjon» seier lite om det nærare innhaldet i kravet. Det gjeld til samanlikning eit krav til at eit konsern må ha «procedures for sharing information within the group» etter kvitvaskingsdirektivet artikkel 45 nr. 1, men direktivet gir heller ikkje vidare rettleiing knytt til kva dette må innebere.⁹¹

FATF sine anbefalingar for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering gir likevel nokre retningslinjer. Her vert det presisert at slike prosedyrar og funksjonar i eit konsern bør sørge for deling av opplysingar om kundar, kontoar og transaksjonar frå filialar og dotterselskap når dette er nødvendig med omsyn til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering. Dette bør inkludere informasjon og analysar av transaksjonar eller aktivitetar som verkar unormale, og informasjonen bør kunne takast i mot frå desse sentraliserte funksjonane når det er relevant og føremålstenleg for risikostyring. Vidare vert det presisert at det bør finnast tilstrekkelege tryggleikstiltak for konfidensialitet og bruk av opplysingar som vert utveksla, og at medlemsstatane sjølve kan bestemme omfanget av informasjonsdelinga basert på ei avveging av informasjonen sin sensitivitet og relevans.⁹²

Kravet til ein sentralisert funksjon i kvitvaskingsforskrifta § 6-5 stammar frå eit forslag frå Finanstilsynet i samband med at utkastet til forskrifta var på høyring. I høyringsnotatet vert det lagt vekt på at ein slik funksjon vil gi konsernet betre oversikt over den faktiske risikoen konsernet står ovanfor, gi konsernleiinga eit tydlegare ansvar og truleg også vere ressurs- og kostnadssparande. Høyringsnotatet inneheld likevel ingen konkret informasjon om kva som

⁹⁰ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 første ledd.

⁹¹ Direktiv 2015/849 artikkel 45 nr. 1.

⁹² FATF (2023), s. 85.

skal krevjast av ein slik sentralisert funksjon.⁹³ Finanstilsynet sin rettleiar til kvitvaskingslova legg på si side til grunn at den sentraliserte funksjonen skal innehalde ei fullstendig samanstilling av informasjon frå kundetiltak for alle kundane i konsernet.⁹⁴ Innanfor desse kriteria må dei rapporteringspliktige dermed ha stor fridom knytt til korleis den sentraliserte funksjonen skal setjast opp og fungere i praksis.⁹⁵

4.4.2 Delingsplikt etter § 31 andre ledd

Dei same rapporteringspliktige som er nemnde i første ledd pliktar etter kvitvaskingslova § 31 andre ledd å utlevere opplysingar om at ein transaksjon eller ein kunde er rapportert til Økokrim etter § 26, til andre rapporteringspliktige i same konsern. Det er også her eit krav om at konsernet er etablert i EØS, eller at det dreier seg om filialar eller majoritetside dotterselskap i tredjeland dersom desse er omfatta av den rapporteringspliktige sine rutinar.

Føresegna inneheld i motsetjing til første ledd ei plikt til å utveksle opplysingar. I tillegg kjem det eksplisitt fram av ordlyden at plikta gjeld «uten hinder av taushetsplikt». Plikta kan truleg grunnjevast med at også andre i konsernet bør verte merksame der eit føretak har gjort undersøkingar som gir grunnlag for slik mistanke om kvitvasking og terrorfinansiering som fører til rapportering til Økokrim etter kvitvaskingslova § 26. Konsernføretaka kan på bakgrunn av denne informasjonen verte betre rusta til å handtere eigen risiko og eventuelt sjølv gjere nærare undersøkingar og gi supplerande informasjon til Økokrim der det er grunnlag for det.

Det kjem vidare fram av ordlyden i kvitvaskingslova § 28 fjerde ledd at avsløringsforbodet ikkje er til hinder for utveksling av opplysingar «etter § 31 annet ledd», men som eg kjem tilbake til i kapittel 4.5, vert det lagt til grunn av Finanstilsynet at dette må vere ein skrivefeil, slik at fjerde ledd ikkje heimlar eit unntak frå § 31 andre ledd.

Det følgjer likevel av § 28 tredje ledd at det gjeld unntak frå avsløringsforbodet for «utveksling av opplysninger» mellom dei same rapporteringspliktige som er nemnt i § 31 første og andre ledd. Ordlyden «opplysninger» er vid og kan isolert sett tale for å omfamne all

⁹³ Finanstilsynet, «Høringsnotat - forslag til forskrifter til ny hvitvaskingslov», 25. juni 2018. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/76fc84a8f34d4798b1d0dded5f4dd060/horingsnotat---forslag-til-forskrifter-til-ny-hvitvaskingslov.pdf>, s. 17.

⁹⁴ Finanstilsynet (2022), s. 92.

⁹⁵ Rui mfl. (2022), § 31 første ledd.

slags informasjon som den rapporteringspliktige sit på. Sidan «oversendelse av opplysninger til Økokrim» er eksplisitt nemnt i § 28 første ledd som ei type opplysning som er underlagt avsløringsforbodet, er det etter ei kontekstuell tolking av ordlyden naturleg at unntaket må omfatte også opplysingar om at det er utlevert opplysingar til Økokrim etter § 31 andre ledd. Det er dermed gjort unntak frå avsløringsforbodet i § 28 tredje ledd for slik deling som § 31 andre ledd tillèt.⁹⁶

Etter ordlyden er det berre sjølve opplysinga «om at det er oversendt opplysingar til Økokrim etter § 26 første ledd første punktum» som skal utleverast. Det er altså berre sjølve faktumet om at det er sendt rapport til Økokrim, som ein pliktar å dele etter føresegna. Det er dermed ingen plikt til å dele kva innhaldet i denne rapporten er, eller kva som var bakgrunnen for at rapporten vart sendt. For denne tilleggsinformasjonen vil det likevel alltid vere moglegheit for frivillig utveksling innanfor dei rammene som § 31 første ledd jf. kvitvaskingsforskrifta § 6-5 stiller opp.

Etter kvitvaskingslova § 26 første ledd skal det sendast opplysingar til Økokrim dersom nærare undersøkingar har gitt grunnlag for mistanke om kvitvasking og terrorfinansiering. Der grunnen til at det vert sendt opplysingar er at Økokrim sjølv har sendt ein førespurnad etter § 26 andre ledd føreligg det dermed ingen plikt til å dele informasjon om dette. Ei eventuell utveksling av denne typen informasjon må dermed også skje av eigen vilje på grunnlag av § 31 første ledd jf. forskrifta § 6-5.⁹⁷

Delingsplikta etter § 31 andre ledd er ei direkte gjennomføring av fjerde kvitvaskingsdirektiv artikkel 45 nr. 8 andre punktum, og plikta vert berre avgrensa dersom Økokrim bestemmer at deling ikkje skal skje.

4.5 Utveksling utanfor konsern etter § 31 tredje ledd

Utanfor konsern kan rapporteringspliktige som er nemnt i kvitvaskingslova § 4 første ledd bokstav a til c og j «utan hinder av taushetsplikt» utveksle «nødvendige kundeopplysninger seg imellom» når det «anses nødvendig som ledd i nærmere undersøkelser etter § 25».

⁹⁶ Finanstilsynet, *Veileder til hvitvaskingsloven*. Rundskriv 8/2019. Henta frå: <https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/rundskriv/2019/veileder-til-hvitvaskingsloven/>, s. 74.

⁹⁷ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 andre ledd.

Det er gjort unntak frå avsløringsforbodet i § 28 fjerde ledd. Etter ordlyden viser § 28 fjerde ledd til at det er tale om unntak frå § 31 andre ledd, men det er lagt til grunn av Finanstilsynet at dette må vere ei feiltilvising.⁹⁸ At det er tale om ei feiltilvising vert underbygga av departementet sine utsegn i førearbeida til lova om at § 28 fjerde ledd skal vise til unntak frå avsløringsforbodet ved utveksling av opplysingar etter § 31 tredje ledd.⁹⁹

Føresegna heimlar utveksling av opplysingar mellom bankar, kredittføretak, finansieringsføretak og forsikringsføretak knytt til undersøking av indikasjonar på kvitvasking eller terrorfinansiering.¹⁰⁰ Det er tale om ei større avgrensing av juridiske personar enn etter § 31 første og andre ledd. Avgrensinga er ikkje nærare omtalt i førearbeida, men kan truleg grunnjevast med at det i lys av omsynet til personopplysingsvern er naturleg med ein snevrare heimel for utveksling utanfor konsern der ein ikkje har den same tilknytninga under ei felles konsernleiing, og dermed heller ikkje den sentraliserte funksjonen for deling eller kunnskap om kva rutinar som føreligg for behandling av opplysingar hjå den andre rapporteringspliktige.

I Karnov sin lovkommentar til kvitvaskingslova er det reist spørsmål om § 31 tredje ledd bør tolkast utvidande i lys av § 28 sjette ledd og kvitvaskingsdirektivet artikkel 39 nr. 3 og 5 til også å gjelde for betalingsføretak sidan dei er del av same profesjonskategori som bankar, kredittføretak og finansieringsføretak ifølgje inndelinga i kvitvaskingsforskrifta § 5-2 b.¹⁰¹ Kvitvaskingslova § 28 sjette ledd og fjerde kvitvaskingsdirektiv artikkel 39 nr. 5 heimlar på si side unntak frå avsløringsforbodet for rapporteringspliktige innanfor same profesjonskategori der det er tale om ein felles kunde, samt ein og same transaksjon.

Regelen i § 28 sjette ledd har ingen parallell i kvitvaskingslova som heimlar utveksling av opplysingar i slike høve som unntaket opnar for, noko som på den eine sida kan tale for ei utvidande tolking av § 31 tredje ledd. På den andre sida kan ein finne heimlar for utveksling av opplysingar i dei høva sjette ledd opnar for i anna spesiallovgjeving.¹⁰² Unntaket i sjette ledd har dermed allereie ein funksjon, uavhengig av ei utvidande tolking av § 31 tredje ledd.

⁹⁸ Finanstilsynet (2022), s. 93.

⁹⁹ Prop. 40 L (2017-2018), s. 110.

¹⁰⁰ Kvitvaskingslova § 4 første ledd.

¹⁰¹ Lindman-Johannesen (2021), note 4 til § 31.

¹⁰² Rui mfl. (2022), kommentar til § 28 sjette ledd; Sjå til dømes Lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova) § 16-2 tredje ledd og Lov av 20. november 2020 nr. 128 om revisjon og revisorer (revisorlova) § 7-2 første ledd.

Fjerde kvitvaskingsdirektiv artikkel 39 nr. 3 gav på si side uttrykk for at det skulle gjelde eit generelt unntak frå avsløringsforbodet for deling av opplysingar mellom kredittinstitusjonar og finansinstitusjonar, noko som kunne tala for ei slik utvidande tolking som er føreslått i lovkommentaren. Etter ei endring av føresegna gjennom femte kvitvaskingsdirektiv er det likevel presisert at artikkelen berre er meint å gi unntak for verksemder innanfor eit og same konsern.¹⁰³ Etter dette er det ikkje grunnlag for ei utvidande tolking av verkeområdet til kvitvaskingslova § 31 tredje ledd til også å gjelde for betalingsføretak.

For å kunne dele opplysingar etter § 31 tredje ledd må kundeopplysingane som vert delt vere «nødvendige», og det må vidare vere «nødvendig som ledd i nærmere undersøkelse etter § 25» å dele desse. Som inngangsvilkår må det dermed vere ei pågåande undersøking etter kvitvaskingslova § 25.

Etter § 25 første ledd pliktar den rapporteringspliktige å gjere nærare undersøkingar dersom den avdekkar forhold «som kan indikere» at midlar har samanheng med kvitvasking eller terrorfinansiering. Terskelen er låg, og alle slags indikasjonar kan i utgangspunktet vere tilstrekkelege dersom forholdet tilseier ein mogleg samanheng med kvitvasking eller terrorfinansiering.¹⁰⁴ Det vert likevel kravd eit objektivt haldepunkt, slik at ei magekjensle i seg sjølv ikkje er tilstrekkeleg.¹⁰⁵ Vidare skildrar kvitvaskingslova § 25 andre ledd bestemte forhold som alltid skal utløyse denne plikta til å gjere nærare undersøkingar.

Ut over dette er vilkåra om at det må vere tale om «nødvendige» kundeopplysingar og at det må vere «nødvendig» å dele desse som ledd i ei undersøking etter § 25 etter ordlyden vage og skjønnsmessige, og det må dermed gjerast ei konkret vurdering av kva behov ein har for å utveksle opplysingar i det einskilde høve.¹⁰⁶ Vurderinga må ta sikte på å avklare om ein må utveksle informasjon for å kunne avdekke om det føreligg transaksjonar med tilknytning til utbyttet av straffbare handlingar, og kva særskilte kundeopplysingar det eventuelt er behov for. Det er ut over dette ikkje avgrensingar knytt til kva slags type personopplysingar som kan utvekslast mellom dei aktuelle rapporteringspliktige.

¹⁰³ Sjø Direktiv 2015/849 artikkel 39 nr. 3 og Direktiv 2018/843 artikkel 1 (24).

¹⁰⁴ Finanstilsynet (2022), s. 75.

¹⁰⁵ Rui mfl. (2022), kommentar til § 25 første ledd.

¹⁰⁶ Finanstilsynet (2022), s. 93.

Det er den rapporteringspliktige som ber om opplysingane som må ha eit særskilt grunnlag for førespurnaden knytt til pågåande undersøkingar, og dermed denne som må gjere den konkrete vurderinga.¹⁰⁷

Sidan utveksling av opplysingar skjer ved etterspørsel og gjennom sjølvvalde kanalar er ein avhengig av at den rapporteringspliktige som vert spurt er villig til å utveksle opplysingane og stolar på den spørjande part, viss ikkje vil prosessen stogge opp. Det kan dermed potensielt oppstå ein situasjon der den eine rapporteringspliktige er forplikta til nærare undersøkingar, medan den andre ikkje vil dele dei opplysingane det er spurd etter.

Det føreligg få retningslinjer for vurderinga etter § 31, og for korleis slik utveksling skal skje mellom dei ulike rapporteringspliktige. I lys av det viktige føremålet til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering er det dermed eit behov for å klargjere når og korleis slik utveksling av opplysingar skal skje, og korleis dei rapporteringspliktige skal stille seg til førespurnadar frå kvarandre. Manglande presisering av korleis personopplysingane skal verte utveksla gjer at dei rapporteringspliktige må sjå til reglane i personopplysingslova og GDPR for å sjølv kartleggje korleis dette kan verte gjort på ein tilfredsstillande måte, jf. kvitvaskingslova § 29 andre ledd som slår fast at personopplysingslova gjeld med mindre anna er bestemt. Resultatet av dette kan bli at dei rapporteringspliktige vert forsiktige, og vel å ikkje utveksle opplysingar.

Utvekslingsheimelen i § 31 tredje ledd er ein særnorsk regel som vart vidareført frå den førre kvitvaskingslova, og som ikkje har noko direkte motstykke i kvitvaskingsdirektivet.¹⁰⁸

Lovutvalet konkluderte i NOU 2016: 27 med at det ville vere i strid med kvitvaskingsdirektivet å vidareføre denne regelen.¹⁰⁹ Bakgrunnen for dette var at kvitvaskingsdirektivet berre regulerer deling av informasjon innanfor eit konsern i artikkel 45, og direktivet opnar heller ikkje for unntak frå avsløringsforbodet for den type utveksling som noverande § 31 tredje ledd opnar for. Departementet konkluderte på si side med at det ikkje var grunnlag for å hevde at kvitvaskingsdirektivet var til hinder for slik utveksling av informasjon utanfor konsern, og valde dermed å vidareføre føresegna av omsyn til effektiv førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering.¹¹⁰

¹⁰⁷ Finanstilsynet (2022), s. 93.

¹⁰⁸ Lindman-Johansen (2021), note 4 til § 31.

¹⁰⁹ NOU 2016: 27, s. 144.

¹¹⁰ Prop. 40 L (2017-2018), s. 110.

Sidan det er tale om eit direktiv som stiller opp minimumsmålsetjingar for medlemslanda er det isolert sett ingenting i vegen for å gi meir vidtrekkande reglar i nasjonal rett.

Kvitvaskingsdirektivet balanserer likevel omsynet til personopplysingsvern og omsynet til nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering når det gjeld behandling, lagring og utveksling av personopplysingar. I tillegg gir direktivet allereie grunnlag for behandling av ei stor mengde personopplysingar. Dette kan tilseie at ein bør vere varsam med å gi reglar som grip meir inn i personopplysingsvernet enn det kvitvaskingsdirektivet krev, utan å kunne vise til ei særskilt forholdsmessigheitsvurdering som ein del av lovgjevingsprosessen.¹¹¹ I kapittel 5 skal eg sjå på nettopp kva grenser som gjer seg gjeldande for deling av personopplysingar, og her vil eg komme tilbake til denne heimelen i kvitvaskingslova § 31 tredje ledd.

¹¹¹ Rui mfl. (2022), kommentar til § 31 tredje ledd.

5 Kan moglegheita til å utveksle opplysingar utvidast?

5.1 Innleiing

Den andre problemstillinga i masteroppgåva, som eg no skal ta føre meg, er om moglegheita til å utveksle personopplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova kan og bør utvidast. I dette kapittelet vil eg undersøke om moglegheita kan utvidast, altså om det er grunnlag for ei utviding i lys av dei overordna rettsnormene på området. Her vil forholdsmessigheitsprinsippet verte nytta for å skildre grensa for deling av personopplysingar, og eg vil vurdere heimelen i kvitvaskingslova § 31 tredje ledd opp mot desse grensene. Vidare vil eg i kapittel 6 ut i frå eit rettspolitisk perspektiv drøfte om denne delingsmoglegheita bør utvidast. I sistnemnde samanheng vil forholdsmessigheitsprinsippet verte nytta som ein rettspolitisk reiskap.

I kapittel 5 og 6 vil eg ikkje behandle dei nærare reglane om behandling av personopplysingar i GDPR, men gjere undersøkingane og vurderingane ut i frå dei krava som Grunnlova, EMK og EU-charteret stiller opp til inngrep i retten til personopplysingsvern. Ei slik avgrensing vert gjort fordi det i hovudsak er desse som *lex superior* som stiller opp grenser ved spørsmålet om det skal innførast nye lovreglar. Elles er utgangspunktet for forholdet mellom kvitvaskingslova og personopplysingslova som nemnt at personopplysingar kan behandlast for å oppfylle pliktene som følgjer av kvitvaskingslova og forskrifter gitt i medhald av lova, og at personopplysingslova gjeld ved behandling av personopplysingar etter kvitvaskingslova med mindre anna er bestemt.¹¹²

5.2 Grenser for utveksling av personopplysingar

EMK artikkel 8 og Grunnlova § 102, samt EU-charteret, viser at det gjeld grenser for utveksling av personopplysingar. Utveksling av personopplysingar er som nemnt eit inngrep i

¹¹² Kvitvaskingslova § 29.

retten til personopplysingsvern. For at eit slikt inngrep skal stå seg, må det ha heimel i lov, eit legitimt føremål og inngrepet må vere nødvendig i eit demokratisk samfunn.¹¹³

Dersom ei formell lovendring vert til, vil ein i utgangspunktet ha tilstrekkeleg rettsleg grunnlag for inngrep i form av auka deling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige i tråd med denne lovregelen. Det er også klart, som skildra i kapittel 2, at førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering er eit legitimt føremål i det offentlege si interesse som kan grunnkje inngrep i retten til personopplysingsvern.

At utvekslinga må vere nødvendig i eit demokratisk samfunn inneber at utvekslinga må vere eigna til å oppnå føremålet, ikkje gå lenger enn nødvendig og vere proporsjonal.¹¹⁴ Ein omtalar gjerne dette samla sett som eit krav om forholdsmessigheit. Vurderinga må ta utgangspunkt i balansen mellom dei verna individuelle interessene på den eine sida, og dei legitime samfunnsbehova som grunnjev tiltaket på den andre.¹¹⁵

At eit inngrep må vere eigna betyr at inngrepet må vere relevant for å oppnå føremålet. Det verkar trygt å leggje til grunn at ei auka utveksling av opplysingar mellom rapporteringspliktige ville gitt ei større mengde opplysingar om ein transaksjon eller ein kunde tilgjengeleg for dei rapporteringspliktige, og såleis betra verksemdene sine risikovurderingar og leia til meir treffsikker overvaking og rapportering. Dette vil vere relevant for å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.

Kravet om at inngrepet må vere nødvendig inneber at det ikkje kan finnast andre og mindre inngripande tiltak som er eigna til å oppnå føremålet.¹¹⁶ Her må ein gjere ei konkret vurdering i samband med eit føreslått tiltak. Til slutt må det gjerast ei proporsjonalitetsvurdering av forslaget der ein ser på forholdet mellom mål og middel, og balanserer dei kryssande omsyna opp mot kvarandre.

EU-domstolen har ved fleire høve vurdert spørsmål om behandling av personopplysingar med grunnlag i føremålet om å nedkjempe kriminalitet.¹¹⁷ I Digital Rights Ireland-saka frå 2014

¹¹³ EMK artikkel 8 og Grunnlova § 102 jf. blant anna Rt. 2015 s. 93 avsnitt 60.

¹¹⁴ HR-2022-981-A avsnitt 26.

¹¹⁵ Rt. 2015 s. 93 avsnitt 60.

¹¹⁶ HR-2022-981-A avsnitt 26.

¹¹⁷ Sjå blant anna Dom av 8. april 2014 [GC], *Digital Rights Ireland*, C-293/12, ECLI:EU:C:2014:238; Dom av 21. desember 2016 [GC], *Tele2 Sverige*, C-203/15, ECLI:EU:C:2016:970; Dom av 6. oktober 2020 [GC], *La Quadrature du Net*, C-511/18 og C-512/18, ECLI:EU:C:2020:791; *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20.

kjente til dømes EU-domstolen Datalagringsdirektivet ugyldig på grunn av måten det greip inn i EU-charteret artikkel 7 og 8. Etter direktivet plikta tele- og internettleverandørar å lagre trafikkdata, lokaliseringsdata og abonnementsdata i forbindelse med telefon, breiband, e-post og internett-tilgang. Inngrepet vart sett på som lite forholdsmessig då føresegna ikkje innehaldt nokre materielle eller prosessuelle vilkår for tilgang og behandling av personleg data, og heller ikkje eit krav om at desse skulle vere avgrensa til føremålet om å førebyggje og avdekke nærare definert kriminalitet. Vidare la ikkje direktivet til rette for eit rettsleg eller uavhengig tilsynsorgan som kunne sørgje for at bruken av data vart avgrensa til det som er nødvendig.¹¹⁸ Same rettsoppfatning vart lagt til grunn i Tele2 Sverige-dommen der EU-domstolen oppstilte eit forbod mot generell lagring av trafikk- og lokaliseringsdata for å nedkjempe kriminalitet.¹¹⁹

I Luxembourg Business Registers-saka frå 2022 vart ei endring i femte kvitvaskingsdirektiv artikkel 1 nr. 15 bokstav c også vurdert som ugyldig. EU-domstolen slo fast at regelen ikkje var forholdsmessig i lys av rettane til privatliv og personopplysingsvern. Føresegna innebar at opplysingane i registeret over reelle rettshavarar skulle vere tilgjengeleg for alle, og ikkje berre dei som kunne dokumentere ei legitim interesse. Domstolen presiserer at føremålet bak direktivet kan grunngje sjølv så alvorlege inngrep, men at kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering i hovudsak ligg til det offentlege og dei rapporteringspliktige aktørane. Ein regel som gir alle tilgang til opplysingane går dermed ut over det som er nødvendig, og utgjer eit meir alvorleg inngrep enn kva dei oppnådde fordelane kan rettferdiggjere.¹²⁰

Sjølv om sakene ikkje direkte gjeld utveksling av opplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova har dei overføringsverdi då dei dreier seg om gyldigheita av reglar som gjeld behandling av personopplysingar med føremål om å nedkjempe kriminalitet.

Luxembourg Business Registers-saka behandlar også særskilt tredjepersonar sin tilgang til personopplysingar med omsyn til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering. Avgjerslene slår fast at føremålet til nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering kan grunngje store inngrep i personopplysingsvernet, men at det må gå ei grense slik at ei generell og uavgrensa moglegheit til å dele personopplysingar ikkje vert akseptert.

¹¹⁸ *Digital Rights Ireland* [GC] C-293/12.

¹¹⁹ *Tele2 Sverige* [GC] C-203/15, avsnitt 112.

¹²⁰ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20, avsnitt 88.

Det er dermed trygt å leggje til grunn at eit ytterpunkt med fri deling av personopplysingar om alt og til alle med heimel i kvitvaskingslova vil gå ut over det som er nødvendig og vere uproporsjonalt. Ut over dette er det ikkje lett å gje eit presist svar på kvar grensa går for kva som er ei forholdsmessig utveksling av personopplysingar, då dette må avgjerast konkret for det einskilde inngrep. Den nemnte rettspraksisen frå EU og utsegn frå EMD stillar rett nok opp nokre nærare retningslinjer for den konkrete forholdsmessigheitsvurderinga.

For det første vil kvaliteten på lovheimelen og lovgjevingsarbeidet vere sentral. Lovteksten som heimlar utvekslinga må vere klar og ha klare vilkår som gjer det tydeleg både kven som kan utveksle og ta imot opplysingar og på kva vilkår eller i kva høve dette kan skje.¹²¹ Vidare må utvekslingsmoglegheita vere avgrensa til føremålet til kvitvaskingslova om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.¹²²

Heimelen bør vere så tydeleg at det vanskeleg kan oppstå tolkingstvil, og dermed ideelt sett opne for minst mogleg skjønsmessige vurderingar. Der det er nødvendig med skjønsmessige innslag kan dette verte kompensert med informasjon til dei rapporteringspliktige om korleis desse skjønsmessige vurderingane bør gjerast og typetilfelle på når vilkåra bør reknast som oppfylte.

EMD har også lagt til grunn at det er relevant å sjå til staten sine eigne vurderingar og avvegingar av om eit inngrep er forholdsmessig.¹²³ Dersom staten har gjort ei overtydande avveging av dei motståande omsyna og samstundes grunngeve inngrepet og vilkåra for dette på ein tilfredsstillande måte i lovgjevingsarbeidet, vil EMD lettare godta inngrepet, og motsetjingsvis vil staten møte meir motstand der slike vurderingar ikkje er gjort.¹²⁴

Gjennom lovteksten og staten sine avvegingar bør det komme fram at det er tale om eit nødvendig og proporsjonalt inngrep.¹²⁵ Her er forholdet mellom mål og middel som nemnt sentralt. Dette inneber at jo fleire som kan få tilgang til opplysingane jo strengare bør vilkåra vere, og jo større risiko eller mistanke bør det vere for kvitvasking og terrorfinansiering. Motsetjingsvis kan det truleg stillast noko mildare vilkår der det er tale om ei godt grunngeve og avgrensa gruppe rapporteringspliktige som skal ha moglegheit til å utveksle opplysingar

¹²¹ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20, avsnitt 65.

¹²² Prop. 40 L (2017-2018) s. 118; Direktiv 2015/849 artikkel 41 nr. 2.

¹²³ *Animal Defenders International mot UK* [GC], no. 48876/08, ECHR:2013:0422JUD004887608, avsnitt 108.

¹²⁴ *Animal Defenders International mot UK* [GC], no. 48876/08, avsnitt 109.

¹²⁵ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20, avsnitt 64.

med kvarandre. Det må også vere ein tydeleg samanheng mellom trugselen som gjer seg gjeldande og dei opplysingane som vert utveksla, for at utvekslinga skal vere avgrensa til det som er strengt nødvendig.¹²⁶

Vidare bør det eksistere tryggleiksmekanismar som gjer det mogleg for individet å beskytte personopplysingane sine mot misbruk. Dette gjeld særleg der personopplysingar vert gjort tilgjengeleg for offentlegheita eller eit stort omfang av rapporteringspliktige, og der det dreiar seg om særlege kategoriar av personopplysingar.¹²⁷ Slike tryggleiksmekanismar kan til dømes vere godt utarbeida retningslinjer for forståing av regelverket med krav til korleis sjølve utvekslinga skal skje og rutinar for regelmessige tilsyn frå tilsynsmynda.

5.3 Vurdering av § 31 tredje ledd opp mot grensene for deling av personopplysingar

Som nemnt i kapittel 4.5, er heimelen for utveksling av opplysingar i kvitvaskingslova § 31 tredje ledd ein særnorsk regel som lovutvalet ikkje anbefalte å vidareføre på grunnlag av blant anna omsynet til personopplysingsvernet. Det er dermed interessant å sjå korleis føresegna stiller seg opp mot dei presenterte grensene for utveksling av personopplysingar for å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.

I tråd med tidlegare drøfting er det klart at inngrepet føresegna representerer er i samsvar med eit legitimt føremål og er eigna til å ivareta dette føremålet. Vidare vert spørsmålet om inngrepet er avgrensa til det som er nødvendig. Som nemnt stillar kvitvaskingslova § 31 tredje ledd opp nærare vilkår knytt til kven opplysingane kan utvekslast mellom og kva informasjon som kan verte utveksla, samt at kundeopplysingane må vere «nødvendige» å utveksle.

Desse vilkåra bidreg klart til å avgrense omfanget av talet på inngrep i personopplysingsvernet gjennom deling av personopplysingar. Avgrensinga av juridiske personar minskar verkeområdet i seg sjølv. Vidare gjer vilkåret om at informasjonsdelinga må vere nødvendig ut i frå nærare undersøkingar som er satt i verk etter § 25 at inngrepet er avgrensa til nærare bestemte situasjonar der det verkar å vere eit behov for meir informasjon for å kunne bekrefte eller avkrefte den indikasjonen eller mistanken som føreligg. Ikkje minst

¹²⁶ *La Quadrature du Net* [GC] C-511/18 og C-512/18, avsnitt 164.

¹²⁷ *Luxembourg Business Registers* [GC] C-37/20 og C-601/20, avsnitt 65.

gjer vilkåret om at opplysingane må vere «nødvendig[e]» å utveksle at det må gjerast ei konkret vurdering av kva opplysingar som trengst i det einstilte høve, slik at inngrepet vert avgrensa til det minimale. Dette talar mot at inngrepet går lenger enn nødvendig.

Ei svakheit med føresegna i lys av retningslinjene som vart oppstilt i førre delkapittel er likevel at lovgjevar ikkje eksplisitt har drøfta forholdsmessigheita, verken i samband med dagens kvitvaskingslov eller lova frå 2009.¹²⁸

Vidareføringa av føresegna vart grunngeve med at det motsette ville ha svekka faktagrundlaget til dei aktuelle rapporteringspliktige, som igjen ville føre til meirarbeid for Økokrim. Det vart også presisert at dei relevante rapporteringspliktige er underlagt krav om konsesjon, tilsyn og reglar om behandling av personopplysingar, og at det derfor var forsvarleg å vidareføre moglegheita til å utveksle opplysingar etter heimelen.¹²⁹ Desse argumenta vart likevel ikkje vege opp mot retten til personopplysingsvern, og det vart ikkje grunngeve kvifor departementet meinte at heimelen representerer eit eigna, nødvendig og proporsjonalt inngrep i denne retten. Det er dermed vanskeleg å vite grunnen og avvegingane bak at akkurat desse vilkåra vart stilt opp for deling av kundeopplysingar utanfor konsern, noko EMD hadde lagt vekt på ved ei eventuell overprøving av føresegna.

Vidare kjem det ikkje klart fram av lovteksten i § 31 tredje ledd korleis informasjonsdelinga skal skje og kva mekanismar som skal nyttast, og det er heller ikkje stilt opp nærare retningslinjer for dette i førearbeida eller i Finanstilsynet si rettleiing til lova. Uklarleik og mangel på slik rettleiing kan føre til at opplysingane ikkje vert delt i det heile, eller at dei vert delt på ein lite tilfredsstillande måte som kan bidra til at inngrepet ikkje vert oppfatta som forholdsmessig i sin heilskap.¹³⁰

¹²⁸ Prop. 40 L (2017-2018) og Ot.prp.nr.3 (2008-2009) Om lov om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering mv. (kvitvaskingsloven).

¹²⁹ Prop. 40 L (2017-2018), s. 110.

¹³⁰ FATF (2017), s. 26.

6 Bør moglegheita til å utveksle opplysingar utvidast?

6.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg drøfte om ein bør utvide moglegheita til å utveksle opplysingar mellom rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova. I samband med dette skal eg nytte forholdsmessigheitsprinsippet som ein rettspolitisk reiskap. Dette er eit naturleg grep, då EMD ved si overprøving som nemnt legg vekt på om medlemslanda sjølv har vurdert forholdsmessigheit ved lover som gjer inngrep i menneskerettane. Der slike vurderingar er gjort på ein grundig og tilfredsstillande måte, vil dette tale for at lovreglane som heimlar inngrepa kan stå seg.¹³¹

Tradisjonelt sett har ikkje slike eksplisitte forholdsmessigheitsvurderingar blitt brukt i norske lovarbeid, men ein kan sjå ei utvikling i denne praksisen. Særleg der det er tale om å kriminalisere noko har det i nyare norske førearbeid blitt gjort eksplisitte forholdsmessigheitsvurderingar som tydeleggjer at kriminalisering må vere proporsjonalt i lys av inngrepet det utgjer.¹³² Slike vurderingar burde få overføringsverdi til også andre typar inngrep. På same måte som for kriminalisering er det tale om inngrep i einskildmenneske sin sfære her, slik at det ikkje bør bli gitt reglar som grip inn i personopplysingsvernet utan at dei er resultat av ei fornuftig avveging av dei motståande omsyna.

Personvernkommissjonen, som hadde i oppgåve å kartlegge situasjonen for personvern i Noreg, presiserte også i si utgreiing som vart lagt fram i september 2022 at det ved innføring av nye tiltak er avgjerande at eventuelle personvernkonsekvensar vert tilstrekkeleg belyst og vurdert i forkant.¹³³ Vidare poengterte dei at manglande vurderingar kan føre til at parlamentarikarane ikkje har grunnlag for å forstå konsekvensane for personvernet ved innføring av nye lovreglar, og at ei grundig vurdering av personvernkonsekvensane dermed er ein føresetnad for demokratisk kontroll.¹³⁴

¹³¹ Animal Defenders International [GC], no. 48876/08, avsnitt 108-110.

¹³² Sjå blant anna NOU 2019: 26 Rusreform – fra straff til hjelp, s. 247 flg. og NOU 2022: 21, s. 131.

¹³³ NOU 2022: 11, s. 97.

¹³⁴ NOU 2022: 11, s. 99.

Før eg går inn på ei slik rettspolitisk forholdsmessigheitsvurdering, skal eg starte med å sjå til Danmark og Sverige som nyleg har gjennomført lovendringar knytt til utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige med føremål om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Det er som nemnt innleiingsvis relevant å sjå til korleis andre land praktiserer regelverk som er basert på internasjonale samarbeid, og då særleg dei nordiske landa.¹³⁵ Ordningane dei har oppretta i Sverige og Danmark vil også nyttast som inspirasjon i vurderinga i kapittel 6.3 av kva som vil vere ei forholdsmessig løysing for utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige, og det er dermed føremålstenleg med ein presentasjon av dei relevante reglane.

6.2 Samarbeidsordningar i Danmark og Sverige

6.2.1 Deling gjennom operative samarbeid i Danmark

I 2022 vart det gjennom ei endring av den danske rettsplejeloven § 110 b oppretta eit operativt samarbeid for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering.¹³⁶ Dette inneber ei fleksibel ordning der «National Enhed for Særlig Kriminalitet» kan setje ned eit operativt samarbeid spesifikt for ei konkret sak, eit gitt geografisk område eller nye risikoar og tendensar på kvitvask- og terrorfinansieringsområdet, som kan møtast og dele opplysingar med kvarandre. Deltakarkretsen kan variere frå møte til møte, innanfor føresegna si rekkevidde.¹³⁷ Ordninga har blitt til for å kunne sikre eit optimalt samarbeid mellom myndene og dei utvalde verksemdene og aktørane, blant anna gjennom å koordinere felles innsatsar på området.¹³⁸

Både tilsynsmynda etter hvidvaskloven samt toll- og skatteforvaltninga kan delta i desse samarbeida.¹³⁹ I tillegg kan verksemdar og personar som er rapporteringspliktige etter hvidvaskloven § 1 delta, med unntak av advokatar på grunn av deira særskilte truskapsforhold til sine klientar. Dette omfattar blant anna bankar og andre finansielle verksemdar.¹⁴⁰

¹³⁵ Sjå kapittel 1.2.

¹³⁶ Lov nr. 1655 af 25/12/2022 om retspleje (retsplejeloven).

¹³⁷ LFF 2021-10-06 nr. 14, Forslag til Lov om ændring af straffeloven, retsplejeloven, hvidvaskloven og forskellige andre love, Bemærkning til nr. 3.

¹³⁸ Karnov Danmark, *Lovkommentar til retsplejeloven § 110 b*, note 576, Karnov.dk (lest 5. april 2023).

¹³⁹ Lov nr. 316 af 11/03/2022 om forebyggende foranstaltninger mod hvidvask og finansiering af terrorisme (hvidvaskloven).

¹⁴⁰ Retsplejeloven § 110 b.

Etter føresegna kan både dei omfatta myndene, verksemdene og juridiske personane utveksle opplysingar til dei andre deltakarane i samarbeidet dersom opplysingane kan ha betydning for oppgåva med å førebyggje og nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering.¹⁴¹

Med dette vert også utveksling av personopplysningar omfatta, og føresegna gir unntak frå teieplikt og reglar om hemmelegald i anna lovgjeving. Det føreligg likevel teieplikt for deltakarane i samband med opplysingar som vert delte som ledd i samarbeidet. Sjølve utvekslinga skjer typisk på møter i eit operativt samarbeid. Opplysingane kan verte utveksla sjølv om dei ut frå ei konkret vurdering ikkje vil vere relevante for alle aktørane som deltek i samarbeidet.¹⁴²

Føresegna opnar med dette for deling av personopplysningar både internt mellom myndene, mellom myndar og private aktørar og mellom ulike private aktørar innanfor operative samarbeid. Ifølgje det danske justisdepartementet kan verksemdar og juridiske personar likevel berre utveksle opplysingar til andre verksemdar og juridiske personar som deltek i eit operativt samarbeid innanfor rammene av artikkel 39 nr. 5 i kvitvaskingsdirektivet og den danske hvidvaskloven § 38 stk. 7. Det følgjer av desse reglane at opplysingane må gjelde same kunde og same transaksjon, samt at dei rapporteringspliktige må høyre til same yrkeskategori og vere underlagt plikter når det gjeld teieplikt og personopplysingsvern.¹⁴³

For at dei deltakande verksemdene og juridiske personane skal kunne nytte opplysingane dei har fått av ei mynde innanfor si eiga verksemd eller organisasjon i arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering, må dei etter føresegna ha samtykke frå den mynda som har gitt opplysingane.¹⁴⁴

Det er ikkje gjort ei eksplisitt forholdsmessigheitsvurdering i dei danske førearbeida knytt til utveksling av personopplysningar, men det er lagt til grunn at dersom ei mynde er med i samarbeidet er denne vurdert som ein relevant og legitim mottakar av opplysingar. I tillegg

¹⁴¹ LFF 2021-10-06 nr. 14, Bemærkning til nr. 3.

¹⁴² LFF 2021-10-06 nr. 14, Bemærkning til nr. 3.

¹⁴³ Justisministeriet, «Udkast forslag til Lov om ændring af retsplejeloven, hvidvaskloven og forskellige andre love (Etablering af National enhed for Særlig Kriminalitet og styrkelse af indsatsen mod hvidvask m.v.)», 17. august 2021, <https://www.justitsministeriet.dk/wp-content/uploads/2021/08/Udkast-til-lovforslag.pdf> (lest: 15. mars 2023), s. 28.

¹⁴⁴ Karnov Danmark, note 581.

skal ordninga sikre dei nødvendige tryggingsmekanismane kring behandling og utveksling av opplysingar som kan vere av sensitiv og personleg karakter.¹⁴⁵

6.2.2 Nyutvikla samarbeid for utveksling av opplysingar i Sverige

I den svenske penningtvåttslagen trådde det i kraft eit nytt kapittel 4a om «Samverkan mot penningstvätt och finansiering av terrorism» 1. januar 2023.¹⁴⁶ Etter desse reglane kan samarbeid mellom kriminalitetsnedkjempande mynde, tilsynsmynde og kredittinstitusjonar, eller mellom kriminalitetsnedkjempande mynde og tilsynsmynde, skje for å førebyggje, forhindre eller avdekke alvorleg kvitvasking og finansiering av terrorisme.¹⁴⁷

Lovendringa er grunngjeve med at eit velfungerande samarbeid og informasjonsdeling mellom dei aktørane som har oppgåver på området er nødvendig for at kvitvasking og terrorfinansiering skal kunne nedkjempast.

Samarbeida skal nyttast slik at ein ikkje går lenger enn det som er nødvendig med omsyn til føremålet med samarbeidet, og slik at det tilsikta resultatet står i eit rimeleg forhold til dei ulempene som kan oppstå for einskildmenneske som vert ramma.¹⁴⁸ Kravet om proporsjonalitet inneber at deltakarane må vurdere korleis samarbeidet skal organiserast slik at det står i eit rimeleg forhold til det forventa resultatet, kva deltakarar som skal delta og korleis opplysingar som kjem fram skal nyttast. Dersom det finst alternative handlingsmåtar som kan forvente å gje same resultat, skal ein velje den minst inngripande.¹⁴⁹ Vidare må minst éi mynde vere med i det einskilde samarbeidet.¹⁵⁰

Den som deltek i samarbeidet skal uavhengig av teieplikt utveksle opplysingar til ein anna deltakar dersom det er nødvendig for deltakinga i samarbeidet. Opplysingar skal likevel ikkje verte utveksla dersom teieplikt føreligg og tungtvegande grunnar som vernar om interessa til teieplikta går framfor interessa til informasjonsutveksling. Opplysingar skal heller ikkje verte delte dersom det er i strid med lovbestemt teieplikt for advokatar.¹⁵¹

¹⁴⁵ Justisministeriet (2021), s. 27 og s. 30.

¹⁴⁶ Lag (2017:630) om åtgärder mot penningstvätt och finansiering af terrorism (penningtvåttslagen).

¹⁴⁷ Penningtvåttslagen, 4 a kap 1 §

¹⁴⁸ Penningtvåttslagen, 4 a kap 2 §.

¹⁴⁹ Ulf Berg, *Lovkommentar til Lag (2017:630) om åtgärder mot penningstvätt och finansiering av terrorism*, note 146, Juno.se (lest: 3. april 2023).

¹⁵⁰ Penningtvåttslagen, 4 a kap 2 §.

¹⁵¹ Penningtvåttslagen, 4 a kap 3 §.

Det er gjort ei grundig forholdsmessigheitsvurdering i lovproposisjonen der det vert konkludert med at ordninga er forholdsmessig. I denne vurderinga vert det særskilt lagt vekt på at sjølv om det ved første augekast kan verke som om det er moglegheit for ei omfattande utveksling av personopplysingar, inneheld føresegna fleire avgrensingar som gjer at det i praksis ikkje vert tale om ein like stor informasjonsflyt. Blant anna er reglane avgrensa til å gjelde ved alvorlege formar for kvitvasking og terrorfinansiering, og deltakarane må sjølv gjere konkrete forholdsmessigheitsvurderingar knytt til behovet for samarbeid og kva opplysingar som er aktuelle å dele innanfor denne ramma. Ut over dette må mottakarane ha eit behov for dei opplysingane som vert utveksla, slik at det ikkje vert tale om automatisk og rutinemessig deling av personopplysingar.¹⁵²

Vidare må ei avgjersle om samarbeid vere skriftleg og omfatte informasjon om føremålet for samarbeidet, kven som deltek og for kva tidsperiode samarbeidet skal gjelde. Samarbeidet skal avsluttast når det ikkje lenger er grunn til å oppretthalde det. Ei avveging av dei kryssande omsyna er dermed gjennomgåande for reglane om samarbeid mot kvitvasking og terrorfinansiering i Sverige.¹⁵³

6.3 Kva vil vere forholdsmessig?

Spørsmålet om moglegheita til å dele personopplysingar bør utvidast er aktuelt og på dagsorden, då det er eit auka ønske om meir samarbeid mellom ulike aktørar i kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering, både nasjonalt og internasjonalt. I Noreg er det, som nemnt innleiingsvis, til dømes eit pågåande samarbeidsprosjekt mellom Skatteetaten, NAV, politiet og bank- og finansnæringa der målet er å etablere eit digitalt verktøy for å oversende informasjon frå bankane til dei involverte etatane.¹⁵⁴ Datatilsynet gjorde ei førehandsdrøfting av ordninga der dei konkluderte med at det er behov for å løfte dette til lovgjevar for å kunne vere trygg på at ein har eit tilstrekkeleg behandlingsgrunnlag.¹⁵⁵ Vidare har Rådet for Den europeiske union i samband med arbeidet mot ei kvitvaskingsforordning kome med forslag om å la rapporteringspliktige få utveksle personopplysingar med kvarandre på nærare

¹⁵² Prop. 2021/22:251, s. 80-81.

¹⁵³ Penningtvåttslagen, 4 a kap § 4.

¹⁵⁴ Bits AS (u.å).

¹⁵⁵ Datatilsynet, «Datatilsynets vurdering – anmodning om forhåndsdrøftelse knyttet til DPIA for bankenes deltagelse i prosjektet DSOP Kontroll», 22. april 2021. Henta frå: https://www.finansnorge.no/contentassets/2ce62a293b84f38b35ce2e48b7b65ae/datatilsynets-vurdering_forhandsdroftelse-002.pdf.

vilkår.¹⁵⁶ Ikkje minst er den presenterte utviklinga i våre naboland Sverige og Danmark knytt til samarbeid og utveksling av opplysingar med føremål om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering også særleg interessant knytt til spørsmålet om ei auka utveksling av opplysingar i norsk rett.¹⁵⁷

Spørsmålet om kva som er ei forholdsmessig løysing for utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige må vurderast ut i frå dei grensene som vart stilt opp i kapittel 5. Det er som nemnt klart at ein heimel for auka utveksling av personopplysingar i kvitvaskingslova vil ha eit legitimt føremål og vere eigna til å oppfylle dette føremålet. Det avgjerande vert dermed kva som vil vere nødvendig og proporsjonalt.

Knytt til spørsmålet om kva som er nødvendig, er det for det første relevant kva grupper av rapporteringspliktige som kan utveksle og få tilgang til opplysingane, og for det andre på kva vilkår dette kan skje.

Opp mot den norske regelen i kvitvaskingslova § 31 tredje ledd, kan ein spørje seg om ein burde utvide moglegheita med omsyn til nokre av dei andre rapporteringspliktige i kvitvaskingslova § 4 bokstav d til i, og k til o, som blant anna betalingsføretak, verdipapirføretak og låneformidlingsføretak.

Ei slik utviding av juridiske personar må truleg i det minste vere forholdsmessig dersom ein held seg innanfor grensene som unntaket frå avsløringsforbodet i § 28 sjette ledd set knytt til at informasjonen må gjelde same kunde og transaksjon og at dei rapporteringspliktige må høyre til same yrkeskategori. Etter den danske ordninga har ein halde seg innanfor den likelydande heimelen i kvitvaskingsdirektivet artikkel 39 nr. 5.

Med slike vilkår for utveksling av personopplysingar mellom rapporteringspliktige vil ein respektere dei avvegingane som EU har gjort av dei kryssande omsyna i kvitvaskingsdirektivet, noko som i seg sjølv talar for at inngrepet er avgrensa til det som er nødvendig. Dette vert også underbyggja av dei klare og situasjonsavgrensa vilkåra, samt det avgrensa verkeområdet til aktørar innanfor same yrkeskategori som dermed typisk er underlagt same krav etter kvitvaskingsreglane og behandlar same typar opplysingar.

¹⁵⁶ Council of the European Union (2022), forslag til artikkel 55 nr. 5.

¹⁵⁷ Sjå kapittel 1.2.

Ei moglegheit kan i tillegg vere å avgrense ein eventuell heimel for utveksling av opplysingar til berre å gjelde i slike nærare bestemte samarbeidsforum som dei har oppretta i Sverige og Danmark. Ved slike ordningar sørgjer ein for at ein har kontroll over kretsen av mottakarane av opplysingane i første omgang, og kan krevje og kontrollere at desse har tryggande prosedyrar for behandling av personopplysingar.

I Sverige har ein ikkje avgrensa heimelen til utveksling mellom dei rapporteringspliktige i samarbeidsforuma innanfor rammene til kvitvaskingsdirektivet artikkel 39 nr. 5. Dei har derimot valt å avgrense samarbeida for utveksling av opplysingar til berre å gjelde for kredittinstitusjonar som verksemdsutøvarar. Avgrensinga vert grunngeve med at kredittinstitusjonar utgjer sjølve motoren i det finansielle systemet og er ein av dei private aktørane som har den mest sentrale rolla knytt til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering. I tillegg har kredittinstitusjonar som regel langvarige kundeforhold og gode føresetnader for å gjere kundetiltak, overvake pågåande forretningsforbindelsar, bedømme einskilte transaksjonar og rapportere om mistanke om kvitvasking og terrorfinansiering. I tillegg vert det stilt strenge krav til kredittinstitusjonar etter kvitvaskingsreglane, og dei har allereie erfaring i å handtere store mengder personopplysingar.¹⁵⁸ Ei slik avgrensing av juridiske personar kan bidra til at inngrepet ikkje går lenger enn nødvendig, då det er avgrensa til ei spesifisert gruppe som har eit særskilt og grunngeve behov for større informasjonsflyt.

Utanfor desse formelle samarbeida er moglegheita til utveksling av opplysingar også i Sverige avgrensa til at det må gjelde same kunde og same transaksjon. I førearbeida til ny lovgjeving vart det også lagt til grunn at denne delingsmoglegheita utanfor formelle samarbeid der ei ansvarleg mynde deltek ikkje burde utvidast då dette vert sett på som risikofylt ut i frå omsynet til personopplysingsvernet.¹⁵⁹

Når det gjeld slike samarbeidsforum for informasjonsdeling, er det også relevant kva myndar som kan delta i desse. Trass i at det ikkje passar inn under ordlyden i oppgåva si problemstilling knytt til utveksling «mellom rapporteringspliktige», vil dette vere relevant for vurderinga av om slike ordningar der både myndar og private aktørar deltek er avgrensa til det som er nødvendig.

¹⁵⁸ Prop. 2021/22:251, s. 51.

¹⁵⁹ Prop. 2021/22:251, s. 86-87.

Det er i lys av lova sitt føremål naturleg at Økokrim som sentral eining for etterforsking og påtale av økonomisk kriminalitet kan få tilgang på opplysingar frå rapporteringspliktige, då føremålet til lova inneber at rapporteringspliktige skal skaffe etterretningsinformasjon.¹⁶⁰ Eit anna spørsmål vert om også andre mynder som Skatteetaten, Tolleetaten og NAV kan delta i slike samarbeid, og i kva grad det er nødvendig med omsyn til å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Føremålet med kvitvaskingslova er trass alt ikkje å bidra til å gjennomføre forvaltningsoppgåver som å fastsette korrekt skatt for ein person.¹⁶¹ Dette inneber likevel ikkje at slike mynder ikkje kan delta i eventuelle samarbeid. Det avgjerande for at samarbeidet i sin heilskap skal verke som eit forholdsmessig inngrep i retten til personopplysingsvern, er at deltakinga er avgrensa til å gjelde i tråd med føremålet om å førebyggje og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering.

Etter den nye svenske ordninga skal ein alltid gjere ei særskilt avveging av om det er proporsjonalt å dele opplysingane, og om det er nødvendig å oppretthalde samarbeidet i det enkelte høve. Slike vurderingar bidreg til å trygge at utvekslinga vert avgrensa til det minimale, i tillegg til at det gir ein signaleffekt og set fokus på proporsjonalitet mellom personopplysingsvern og nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering ved utveksling av personopplysingar i slike høve.

Det nemnte forslaget til auka delingsmoglegheit i ei ny kvitvaskingsforordning frå Rådet for Den europeiske union inneber at rapporteringspliktige kan dele personopplysingar med kvarandre der det føreligg «abnormalities or unusual circumstances indicating money laundering or terrorist financing». Vidare stiller forslaget opp vilkår om at kundane på førehand må vere informerte om at det kan bli delt opplysingar om dei i samsvar med artikkelen, samt at opplysingane må vere oppdaterte og at utvekslinga må dokumenterast og skje gjennom trygge kanalar. I tillegg stillast det krav om tilfredsstillande tryggleiksmekanismar for å ivareta interessene til den aktuelle kunden.¹⁶² Slike vilkår verkar å kunne bidra til å avgrense inngrepet i personopplysingsvernet til den enkelte. Samstundes er det tale om ein vid heimel dersom alle rapporteringspliktige etter direktivet skal kunne dele opplysingar der det føreligg indikasjonar på kvitvasking og terrorfinansiering.

¹⁶⁰ Økokrim, «Om Økokrim», <https://www.okokrim.no/om-oekokrim.549304.no.html> (lest: 8. mai 2023).

¹⁶¹ NOU 2016: 27, s. 138.

¹⁶² Council of the European Union (2022), forslag til artikkel 55 nr. 5.

Ein slik låg terskel for å kunne dele personopplysingar til alle andre rapporteringspliktige verkar etter dette å kunne gå ut over dei situasjonane der utveksling er strengt nødvendig. I samsvar med denne innvendinga har European Data Protection Board uttrykt bekymring til forslaget, og uttalt at det vil bli tale om utveksling av personopplysingar i ein sær stor skala, som igjen resulterer i ein masseovervaking med tvilsam proporsjonalitet.¹⁶³

I samband med ei vurdering av om ein heimel for utveksling er proporsjonal i sin heilskap er det sentralt at det på den eine sida er tale om store mengder personopplysingar som vert behandla etter kvitvaskingslova, samt moglegheit for behandling av sensitive opplysingar, ei potensiell lang lagringstid og eit system der private har ei plikt til å rapportere til myndene. Ein må dermed halde delinga av desse opplysingane innanfor visse grenser.

På den andre sida er behovet for utveksling av personopplysingar reelt, då ulike aktørar kan sitte på ulik informasjon, og ei samanstilling av informasjonen kan innebere at ein kan oppdage og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering. Ei utvida moglegheit til utveksling av opplysingar vil dermed vere eigna til å oppfylle føremålet til lova i endå større grad enn i dag. Manglande deling av informasjon kan motsetjingsvis gjere at det vert vanskeleg å skape eit heilskapleg bilete over kundane sine aktivitetar, noko som igjen kan gjere at mistenkelege signal ikkje vert fanga opp. Det kan også leie til at aktivitetar og transaksjonar vert rapporterte, trass i at ytterlegare samarbeid mellom dei rapporteringspliktige kunne gitt ei legitim forklaring til forhold som i utgangspunktet verka avvikande.¹⁶⁴

Etter ei samla vurdering kan varsemnda våre naboland har utvist, samt avvegingane som allereie er gjort i gjeldande kvitvaskingsdirektiv, tale for at ein bør vere tilbakehalden med å gi større moglegheit til utveksling av personopplysingar. Særleg med omsyn til at vi allereie har ein vidare heimel i kvitvaskingslova § 31 tredje ledd samanlikna med Sverige, Danmark og kvitvaskingsdirektivet. Ei utviding må i alle tilfelle vere godt grunngjeve av staten og ha klare vilkår og eit avgrensa verkeområde, då omsynet til førebygging og avdekking av kvitvasking og terrorfinansiering trass si viktige betyding ikkje kan grunngje alle slags inngrep i retten til personopplysingsvern.¹⁶⁵

¹⁶³ Andrea Jeninek, «EDPB letter to the European Parliament, the Council and the European Commission on data sharing for AML/CFT purposes in light of the Council's mandate for negotiations», 28. mars 2023, https://edpb.europa.eu/our-work-tools/our-documents/letters/edpb-letter-european-parliament-council-and-european_en (lest: 26. april 2023).

¹⁶⁴ Prop. 2021/22:251, s. 32.

¹⁶⁵ Sjø kapittel 5.2.

Det verkar i det minste å vere behov for både samarbeid og avklaringar på området, utan at det nødvendigvis føreset ei auka deling av personopplysingar i seg sjølv. Det bør bli avklart kva type informasjon som kan bli delt, med kven, under kva forhold, for kva føremål og med kva slags avgrensingar.¹⁶⁶ Dette er nyttig for å unngå overflødig informasjonsutveksling så langt det er mogleg, men vil samstundes bidra til å oppfylle lova sitt føremål gjennom å nytte høve til å utveksle personopplysingar der dette er forholdsmessig.

For å sikre ei felles forståing og ein lik praksis mellom dei rapporteringspliktige, bør desse avklaringane verte dokumenterte og sikra gjennom lovreglar, retningslinjer, kontrollmekanismar og tilbakemeldingar.¹⁶⁷ Sjølv om den teknologiske utviklinga på mange måtar utfordrar personopplysingsvernet, er utviklinga ein realitet, og kan også nyttast til å leggje til rette for trygg informasjonsutveksling.¹⁶⁸ Reglane bør i alle høve verte tilpassa ei teknologisk røynd. Her vil ein dialog mellom dei respektive nasjonale myndene for personopplysingsvern og førebygging av kvitvasking og terrorfinansiering vere nyttig for å kunne vedta samanhengande retningslinjer slik at dei rapporteringspliktige vert i stand til å oppfylle dei rettslege krava som vert stilt til dei.¹⁶⁹

¹⁶⁶ FATF (2017), s. 5.

¹⁶⁷ FATF (2017), s. 5.

¹⁶⁸ Bygrave (2014), s. 10-11.

¹⁶⁹ FATF (2017), s. 5.

Kjeldeliste

Norske lover og forskrifter

1814	Lov 17. mai 1814 Kongeriket Noregs Grunnlov (Grunnlova).
1997	Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova).
1999	Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova).
2005	Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffelova).
2009	Lov 6. april 2009 nr. 11 om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering mv. (kvitvaskingslova) (opphevet).
2015	Lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova).
2018	Lov 1. juni 2018 nr. 23 om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingslova).
2018	Lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger (personopplysingslova).
2018	Forskrift 14. september 2018 nr. 1324 om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (kvitvaskingsforskrifta).
2020	Lov av 20. november 2020 nr. 128 om revisjon og revisorer (revisorlova).

Norske lovførearbeid

NOU 1996: 3	NOU 1996: 3 Ny aksjelovgivning.
Ot.prp.nr.3 (2008-2009)	Ot.prp.nr.3 (2008-2009) Om lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering mv. (hvitvaskingsloven).
NOU 2016: 27	NOU 2016: 27 Ny lovgivning om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering Andre delutredning.
Prop. 40 L (2017-2018)	Prop. 40 L (2017-2018) om lov om tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering (hvitvaskingsloven).
NOU 2019: 5	NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov – Lov om saksbehandlingen i offentlig forvaltning (forvaltningsloven).
NOU 2019: 26	NOU 2019: 26 Rusreform - fra straff til hjelp.
NOU 2022: 11	NOU 2022: 11 Ditt personvern - vårt felles ansvar – Tid for en personvernspolitikk.
NOU 2022: 21	NOU 2022: 21 Strafferettslig vern av den seksuelle selvbestemmelsesretten.

Utanlandske lover

2017 (Sverige)	Lag (2017:630) om åtgärder mot penningtvätt och finansiering av terrorism (penningtvättslagen).
2022 (Danmark)	Lov nr. 316 af 11/03/2022 om forebyggende foranstaltninger mod hvidvask og finansiering af terrorisme (hvidvaskloven).

2022 (Danmark)

Lov nr. 1655 af 25/12/2022 om retspleje (retsplejeloven).

Utanlandske lovførearbeid

LFF 2021-10-06 nr. 14

LFF 2021-10-06 nr. 14, Forslag til Lov om ændring af straffeloven, retsplejeloven, hvidvaskeloven og forskellige andre love, Bemærkning til nr. 3.

Prop. 2021/22:251

Prop. 2021/22:251, Samverkan mot penningstvätt och finansiering av terrorism.

Internasjonal regulering

EØS-avtalen

Avtale om Det europeiske samarbeidsområdet med tilhørende protokoller, Oporto 2. mai 1992 (EØS-avtalen).

ODA

Avtale mellom EFTA-statene om opprettelse av et overvåkingsorgan og en domstol, med protokollene 1 – 7, 2. mai 1992 (ODA).

EUs charter om grunnleggjande rettar

Charter of Fundamental Rights of the European Union, 2012/C 326/02, 26. October 2012. (EUs charter om grunnleggjande rettar).

Direktiv 2015/849

Europaparlamentets- og Rådets direktiv nr. 2015/849 av 20. mai 2015 om forebygging av bruk av det finansielle systemet med formål om hvitvasking eller terrorfinansiering (fjerde kvitvaskingsdirektiv).

Forordning 2016/679

Europaparlamentets- og Rådets forordning nr. 2016/679 av 27. april 2016 om beskyttelse av fysiske personer med hensyn til behandling av personlig data og om den frie bevegelsen av slik data, og med

endring av Direktiv 95/46/EC (General Data Protection Regulation, GDPR).

Direktiv 2018/843

Europaparlamentets- og Rådets direktiv nr. 2018/843 av 30. mai 2018 om endring av direktiv 2015/849 om tiltak for å hindre at finanssystemet brukes til hvitvasking av penger eller finansiering av terrorisme og om endring av direktiv 2009/138/EF og 2013/36/EU (femte kvitvaskingsdirektiv).

Rettspraksis

Høgsterett

Rt. 1987 s. 729

Rt. 2014 s. 1105 A

Rt. 2015 s. 93 A

HR-2016-2017-A

HR-2018-104-A

HR-2022-981-A

EMD

Amann mot Sveits [GC], no. 27798/95.

Amann mot Sveits [GC], no. 27798/95, ECHR:2000:0216JUD002779895.

S. og Marper mot UK [GC], no. 30562/04 og 30566/04.

S. og Marper mot UK [GC], no. 30562/04 og 30566/04, ECHR:2008:1204JUD003056204.

Animal Defenders International mot UK [GC], no. 48876/08. *Animal Defenders International mot UK* [GC], no. 48876/08, ECHR:2013:0422JUD004887608.

Satakunnan Markkinapörssi Oy og Satamedia Oy mot Finland [GC], no. 931/13. *Satakunnan Markkinapörssi Oy og Satamedia Oy mot Finland* [GC], no. 931/13, ECHR:2017:0627JUD000093113.

Centrum för rättvisa mot Sverige [GC], no. 35252/08. *Centrum för rättvisa mot Sverige* [GC], no. 35252/08, ECHR:2021:0525JUD003525208.

EU-domstolen

Digital Rights Ireland [GC] C-293/12. Dom av 8. april 2014 [GC], *Digital Rights Ireland*, C-293/12, ECLI:EU:C:2014:238.

Tele2 Sverige [GC] C-203/15. Dom av 21. desember 2016 [GC], *Tele2 Sverige*, C-203/15, ECLI:EU:C:2016:970.

La Quadrature du Net [GC] C-511/18 og C-512/18. Dom av 6. oktober 2020 [GC], *La Quadrature du Net*, C-511/18 og C-512/18, ECLI:EU:C:2020:791.

Luxembourg Business Registers [GC] C-37/20 og C-601/20. Dom av 22. november 2022 [GC], *Luxembourg Business Registers*, C-37/20 og C-601/20, ECLI:EU:C:2022:912.

EFTA-domstolen

Sak E-9/07 og 10/07, *L'Oreal mot Per Aarskog AS, Nille AS og Smart Club AS*. Sak E-9/07 og 10/07, *L'Oreal mot Per Aarskog AS, Nille AS og Smart Club AS*, EFTA, Ct. Rep. 2008.

Rettleiingar, retningslinjer og rundskriv

- Finanstilsynet (2019) Finanstilsynet, *Veileder til hvitvaskingsloven*. Rundskriv 8/2019.
Henta frå:
<https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/rundskriv/2019/veileder-til-hvitvaskingsloven/>.
- Finanstilsynet (2022) Finanstilsynet, *Veileder til hvitvaskingsloven*. Rundskriv 4/2022.
Henta frå:
<https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/rundskriv/2022/veileder-til-hvitvaskingsloven/>.
- FATF (2017) The Financial Action Task Force (FATF), *FATF GUIDANCE - Private Sector Information Sharing*, november 2017. Henta frå:
<https://www.fatf-gafi.org/en/publications/Fatfgeneral/Guidance-information-sharing.html>.
- FATF (2023) The Financial Action Task Force (FATF), *International Standards on Combating Money Laundering and the Financing of Terrorism & Proliferation - The FATF Recommendations*, oppdatert februar 2023. Henta frå: <https://www.fatf-gafi.org/en/publications/Fatfrecommendations/Fatfrecommendations.html>.

Utsegn og praksis frå forvaltninga

- Datatilsynet (2021) Datatilsynet, «Datatilsynets vurdering – anmodning om forhåndsdrøftelse knyttet til DPIA for bankenes deltagelse i prosjektet DSOP Kontroll», 22. april 2021. Henta frå:
http://www.finansnorge.no/contentassets/2cec62a293b84f38b35ce2e48b7b65ae/datatilsynets-vurdering_forhandsdroftelse-002.pdf.

- Datatilsynet (2022) Datatilsynet, «Endelig vedtak om overtredelsesgebyr til NAV», 27. juni 2022. Henta frå: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/lover-og-regler/avgjorelser-fra-datatilsynet/2022/endelig-vedtak-om-overtredelsesgebyr-til-nav/#:~:text=Datatilsynet%20har%20vedtatt%20%C3%A5%20ilegge,no%20uten%20hjemmel%20i%20lov.>
- Finanstilsynet (2018) Finanstilsynet, «Høringsnotat - forslag til forskrifter til ny hvitvaskingslov», 25. juni 2018. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/76fc84a8f34d4798b1d0dded5f4dd060/horingsnotat---forslag-til-forskrifter-til-ny-hvitvaskingslov.pdf>.
- Finanstilsynet (2021) Finanstilsynet, «Tilsynsrapport DNB Bank ASA», 3. mai 2021. Henta frå: <https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/tilsynsrapporter/2021/tilsynsrapport---dnb-bank-asa3/>.
- Lovavdelingen i Justis- og beredskapsdepartementet (2022) Lovavdelingen i Justis- og beredskapsdepartementet, «Tolkingsuttalelse - DSOP Kontrollinformasjon», 25. august 2022, Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tolkingsuttalelse-dsop-kontrollinformasjon/id2937056/>.

Lovkommentar

Norske lovkommentarar

- Jarbekk (2021) Jarbekk, Eva. *Karnov lovkommentar: Personopplysningsloven 2018*, Lovdata.no, 1. september 2021 (lest: 20. januar 2023).
- Lindman-Johannesen (2021) Lindman-Johannesen, Carine. *Karnov lovkommentar: Hvitvaskingsloven 2018*, Lovdata.no, 3. november 2021 (lest: 23.

januar 2023).

Rui mfl. (2022) Rui, Jon Petter, Gunnar Holm Ringen og Kristine Frivold Rørholt, *Lovkommentar, Hvitvaskingsloven*, Juridika, 1. desember 2022 (lest: 16. mars 2023).

Skullerud mfl. (2022) Skullerud, Åste Marie Bergseng, Cecile Rønnevik, Jørgen Skorgstad og Marius Engh Pellerud, *Lovkommentar, Personvernforordningen*, Juridika, 1. mai 2022 (lest: 27. februar 2023).

Svenske og danske lovkommentarer

Berg (u.å.) Berg, Ulf, *Lovkommentar til Lag (2017:630) om åtgärder mot penningstvätt och finansiering av terrorism*, note 146, Juno.se, (lest: 3. april 2023).

Karnov Danmark (u.å.) Karnov Danmark, *Lovkommentar til retsplejeloven § 110 b*, note 576 og 578, Karnov.dk (lest: 5. april 2023).

Litteratur

Aall (2022) Aall, Jørgen, *Rettsstat og menneskerettigheter 1: En innføring i vernet om individets sivile og politiske rettigheter*, Fagbokforlaget 2022.

Bits AS (u.å.) Bits AS, «Kontrollinformasjon», <https://www.bits.no/project/kontrollinformasjon/> (lest: 15. februar 2023).

- Boe (2021) Boe, Erik Magnus, *Rettskildelære under debatt*, 2. utg, Universitetsforlaget 2021.
- Bygrave (2014) Bygrave, Lee A., *Data Privacy Law*, Oxford University Press 2014.
- Council of the European Union (2022) Council of the European Union, «Proposal for a Regulation of the European Parliament and of the Council on the prevention of the use of the financial system for the purposes of money laundering or terrorist financing», 5. desember 2022, <https://data.consilium.europa.eu/doc/document/ST-15517-2022-INIT/en/pdf>, artikkel 55 nr. 5 (lest: 26. april 2023).
- Datatilsynet (2020) Datatilsynet, «Det europeiske Personvernrådet (EDPB)», 19. juni 2020, <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/internasjonalt/personvernradet/> (lest: 26. april 2023).
- European Union Agency for Fundamental Rights and Council of Europe (2018) European Union Agency for Fundamental Rights and Council of Europe, *Handbook on Data Protection Law*, Luxembourg: Publication Office of the European Union 2018.
- Europol (2017) Europol, «From suspicion to action», 2017, https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/q1-01-17-932-en-c_pf_final.pdf s. 4 (lest: 10. mars 2023).
- FATF (u.å.) Financial Action Task Force (FATF), «Who we are», <https://www.fatf-gafi.org/en/the-fatf/who-we-are.html> (lest: 4. april 2023).

- Fredriksen og Mathisen (2022) Fredriksen, Halvard Haukeland og Gjermund Mathisen, *EØS-rett*, 4. utg, Fagbokforlaget 2022.
- Høgberg og Sunde (2019) Høgberg, Alf Petter og Jørn Øyrehagen Sune (red.), *Juridiske metode og tenkemåte*, Universitetsforlaget 2019.
- Jeninek (2023) Jeninek, Andrea «EDPB letter to the European Parliament, the Council and the European Commission on data sharing for AML/CFT purposes in light of the Council’s mandate for negotiations», 28. mars 2023, https://edpb.europa.eu/our-work-tools/our-documents/letters/edpb-letter-european-parliament-council-and-european_en (lest: 26. april 2023).
- Justisministeriet (2021) Justisministeriet, «Udkast Forslag til Lov om ændring af retsplejeloven, hvidvaskloven og forskellige andre love (Etablering af National enhed for Særlig Kriminalitet og styrkelse af indsatsen mod hvidvask m.v.)», 17. august 2021, <https://www.justitsministeriet.dk/wp-content/uploads/2021/08/Udkast-til-lovforslag.pdf> (lest: 15. mars 2023).
- Milaj og Kaiser (2017) Milaj, Jonida og Carolin Kaiser, *Retention of data in the new Anti-money Laundering Directive - ‘need to know’ versus ‘nice to know’*, International Data Privacy Law, Vol. 7 No. 2, 2017.
- Nygaard (2004) Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2.utg, Universitetsforlaget 2004.
- Oftebro (2023) Oftebro, Ida, «Slik bruker DNB kunstig intelligens, maskinlæring og grafteknologi i kampen mot organisert kriminalitet», 21. februar 2023, <https://finanswatch.no/nyheter/bank/article14965507.ece> (lest: 21.

mars 2023).

- Politiet (2023) Politiet, «Politiets trusselvurdering 2023», <https://www.politiet.no/om-politiet/tall-og-fakta/politiets-trusselvurdering/> (lest: 4. april 2023).
- PwC (2022) PwC, «Årlig rapport 2022», 2022, https://premium-api.services.pwc.no/media/Arlig_rapport_2022_Antihvitvask_Terrorfinansiering_og_Sanksjoner_a06031f159.pdf (lest: 1. mars 2023).
- Rui (2012) Rui, Jon Petter, *Hvitvasking: Fenomenet, regelverket, nye strategier*, Universitetsforlaget 2012.
- Schartum (2020) Schartum, Dag Wiese, *Personvernforordningen: En lærebok*, Fagbokforlaget 2020.
- Schartum og Bygrave (2016) Schartum, Dag Wiese og Lee A. Bygrave, *Personvern i informasjonssamfunnet*, 3.utg, Fagbokforlaget 2016.
- Skogøy (2018) Skogøy, Jens Edvin A, *Rett og rettsanvendelse*, Universitetsforlaget 2018.
- Staavi (2021) Staavi, Tom, «Effektivitet må aldri trumfe tillit», 22. april 2021, <https://www.finansnorge.no/aktuelt/nyheter/2021/04/effektivitet-ma-aldri-trumfe-tillit/> (lest: 20. februar 2023).
- Utenriksdepartementet (2021) Utenriksdepartementet, «Ofte stilte spørsmål», 6. desember 2021, <https://www.regjeringen.no/no/tema/europapolitikk/fakta-115259/ofte-stilte-sporsmal/id613868/#direktiv> (lest: 30. januar 2023).

- Utne (2019) Amund Utne, *Internasjonalt samarbeid mot hvitvasking og terrorfinansiering*, Lov og Rett, Vol. 58 Utg. 4, Idunn.no, 28. mai 2019, s. 232-254.
- Økokrim (2022) Økokrim, «Nasjonal risikovurdering: Hvitvasking og terrorfinansiering 2022», 17. november 2022, <https://www.okokrim.no/nasjonal-risikovurdering-2022.6567231-549350.html> (lest: 10. januar 2023).
- Økokrim (u.å.) Økokrim, «Om Økokrim», <https://www.okokrim.no/om-oekokrim.549304.no.html> (lest: 8. mai 2023).